

Rammeplan for kulturskolen

MANGFALD OG FORDJUPING



Live Lundh, Gjøvik kunst- og kulturskole

 NORSK KULTURSKOLERÅD



Rammeplan for kulturskolen

MANGFALD OG FORDJUPING



NORSK KULTURSKOLERÅD

Forord

Norsk kulturskole - eit unikt skoleslag

Dei kommunale kulturskolane har ei viktig rolle i det norske opplæringssystemet og i det lokale kulturlivet. Sidan oppstarten på 1960-talet har kulturskolane hatt sterk utvikling og vekst. Dei kommunale kulturskolane har i dag rundt 125 000 elevplassar¹. Mange offentlege utgreiingar og meldingar vitnar om eit stort engasjement for skoleslaget.

Sidan 1997 har kulturskolane vore heimla i Opplæringslova:

§ 13-6. Musikk- og kulturskoletilbud:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.»

Den norske kulturskolemodellen har vekt stor interesse også utanfor landegrensene, i det europeiske kulturskolesamarbeidet og i dei nordiske nabolanda.

Eit klårt uttrykk for dette er denne utsegna frå Nordisk råds kultur- og utdanningsutval i 2009:

«Udvalget ser meget gerne at Kulturskoleordningen i Norge på sigt spredtes og bliver til nationale satsninger i hele Norden».

Utfordringar

Visjonen til Norsk kulturskoleråd er «Kulturskole for alle». Dette er ein sentral ambisjon for oppbygginga av kulturskolane. Kulturskolane skal kjenneteiknast av høg kvalitet og rikt mangfald, og dei skal ta vare på både breidde og talent.

Kulturutgreiinga 2014 peikar på utfordringa som ligg i å løyse det samansette oppdraget som kulturskolen har fått. Kulturskolen må også vidareutvikle eit større mangfald i tilbodet for å betre rekrutteringa av barn og unge med ulik kulturell bakgrunn.

Rammeplanen

Kulturskolen sine tilboda skal ha høg kvalitet både fagleg og pedagogisk. I framtida skal kulturskolen kunne tilby større fleksibilitet når det gjeld organisering av tilboda sine, dessutan kunne gi tydelege beskrivingar av mål, innhald og arbeidsmåtar. Rammeplanen møter desse utfordringane.

Planen kategoriserer dei ulike tilboda i tre opplæringsprogram som tar vare på aktivitet, opplæring og fordjuping. Det er eit mål å kunne etablere tilboda av høg kvalitet innanfor Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet.

¹Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) per oktober 2013

Rammeplanen «Mangfold og fordjuping» byggjer på Norsk kulturskoleråds Strategi 2020 og på rammeplanen frå 2003 – «På vei til mangfold».

Planen legg også til grunn Kunnskapsløftet frå 2006, kulturløfta frå 2005 og 2009, *Kulturskolen – utviklingen av de kommunale kulturskolene som gode lokale ressursentre (2010)*, *Kulturutgreiinga 2014* og *Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei – Kvalitet og mangfold i fellesskolen*.

Styret i Norsk kulturskoleråd oppnemnde Rammeplanutvalet etter vedtak på landsmøtet til Norsk kulturskoleråd i 2012.

Samansetjinga av utvalet var slik:

Eirik Birkeland, leiar

Morten Christiansen

Kristin Geiring

Eivind Nåvik

Inger-Anne Westby

Wenche Waagen

Robert Øfsti

Knut Øverland, sekretær



Innholdsliste

Kapittel 1 – Samfunnsoppdraget for kulturskolen	6
1.1. Oppdraget for kulturskolen	6
1.1.1. Opplæringslova.....	6
1.1.2. Noregs sine plikter etter UNESCO-konvensjonane om barns rettar og om vern av immateriell kulturarv.....	6
1.2. Verdigrunlaget for kulturskolen	7
1.3. Formålet for kulturskolen	8
1.4. Målet for kulturskolen	8
1.5. Kulturskolen og rolla som lokalt ressurscenter	8
1.5.1. Kulturskolen og grunnopplæringa.....	8
1.5.2. Kulturskolen og kulturlivet.....	9
1.6. Faga i kulturskolen	10
1.7. Organisering av opplæringa	10
Kapittel 2 - Prinsipp og retningslinjer for verksemda i kulturskolane	13
2.1. Kommunen sitt ansvar som skoleeigar	13
2.2. Skoleleiaren sitt ansvar	14
2.3. Samarbeid om elevane si læring	14
2.3.1. Samarbeid med foreldre/føresette.....	14
2.3.2. Samarbeid om ei heilskapleg kunst- og kulturoplæring.....	15
2.3.3. Vurdering for læring.....	15
2.4. Lærarrolla og profesjonen	16
2.5. Kompetansekrav for tilsetjing i kulturskolen	16
2.6. Kvalitet i kulturskolen	17
2.7. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forskning	18
Kapittel 3 - Fagplanane	21
3.1. Innleiing til fagplanane	21
3.1.1. Opplæringsprogramma i kulturskolen.....	21
3.1.2. Læraren i kulturskolen.....	24
3.1.3. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forskning.....	25
3.1.4. Eleven i kulturskolen.....	26
3.1.5. Kunnskap i kulturskolen.....	27
3.1.6. Vurdering for læring.....	28
3.2. Fagplan dans	31
3.2.1. Dans i kulturskolen.....	31
3.2.2. Overordna mål.....	33
3.2.3. Faghjul.....	34
3.2.4. Læringsmål.....	36
Breddeprogrammet.....	36
Kjerneprogrammet.....	36
Fordjupingsprogrammet.....	37
3.2.5. Innhald.....	38
3.2.6. Arbeidsformer og organisering.....	40
3.2.7. Vurdering for læring.....	42
3.2.8. Lokale og utstyr.....	43
3.3. Fagplan musikk	45
3.3.1. Musikk i kulturskolen.....	45

3.3.2. Overordna mål	47
3.3.3. Faghjul	48
3.3.4. Læringsmål og utviklingsfasar	50
Breiddeprogrammet	50
Kjerneprogrammet	50
Fordjupingsprogrammet	54
3.3.5. Innhold	56
3.3.6. Arbeidsformer og organisering	58
3.3.7. Vurdering for læring	61
3.3.8. Lokale og utstyr	62
3.4. Fagplan skapande skriving	65
3.4.1. Skapande skriving i kulturskolen	65
3.4.2. Overordna mål	66
3.4.3. Faghjul	68
3.4.4. Læringsmål og utviklingsfasar	70
Breiddeprogrammet	70
Kjerneprogrammet	71
Fordjupingsprogrammet	73
3.4.5. Innhold	74
3.4.6. Arbeidsformer og organisering	76
3.4.7. Vurdering for læring	78
3.4.8. Lokale og utstyr	79
3.5. Fagplan teater	81
3.5.1. Teater i kulturskolen	81
3.5.2. Overordna mål	83
3.5.3. Faghjul	84
3.5.4. Læringsmål og utviklingsfasar	86
Breiddeprogrammet	86
Kjerneprogrammet	86
Fordjupingsprogrammet	88
3.5.5. Innhold	89
3.5.6. Arbeidsformer og organisering	91
3.5.7. Vurdering for læring	93
3.5.8. Lokale og utstyr	94
3.6. Fagplan visuell kunst	97
3.6.1. Visuell kunst i kulturskolen	97
3.6.2. Overordna mål	98
3.6.3. Faghjul	100
3.6.4. Læringsmål	102
Breiddeprogrammet	102
Kjerneprogrammet	103
Fordjupingsprogrammet	104
3.6.5. Innhold	105
3.6.6. Arbeidsformer og organisering	106
3.6.7. Vurdering for læring	110
3.6.8. Lokale og utstyr	111
Referanseliste	113
Kapittel 4 - Mal for kvalitetssikringssystem	115
Etterord	116



Innleiing

Kulturskolen tar vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse, uttrykksevne, kreativitet, kritisk sans og kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning.

Kunsten formar identitet og aukar forståing for andres uttrykk. Arbeid med kunst utviklar fantasi og sansar, og som deltakarar i kulturelle fellesskap utviklar vi tryggleik og forståing for kva det vil seie å vere menneske, aleine og saman med andre.

Kulturskolen skal gi eit tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet og representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske skoleverket. Opplæring i kulturskolefaga er individuelt tilpassa, langsiktig innretta og kan gi elevar ei livslang interesse, for nokre også eit grunnlag for yrkesutdanning innanfor kunstfag.

Kulturskoletilbodet har ein breiare kunstfagleg portefølje enn grunnopplæringa og rettar seg i hovudsak mot barn og unge i alderen 0–19 år. Kulturskolen sine programtilbod skal vareta læring, oppleving, skaping og formidling på alle nivå gjennom brei rekruttering og planmessig opplæring. Tilboda skal vere relevante for elevar som ønskjer å kvalifisere seg for vidaregåande opplæring og høgare utdanning innanfor kunstfag. Som lokalt ressurscenter skal kulturskolen også medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfolding i lokalsamfunnet gjennom forpliktande samarbeid med skole-, kultur- og helsesektoren. Dette samarbeidet rettar seg mot alle innbyggjarane i kommunen.

Rammeplanen er eit grunnlagsdokument for utviklinga av nasjonale standardar og lokale læreplanar i skoleslaget. Han føreset at det blir etablert kvalitetssikringssystem for systematisk oppfølging av verksemda i kulturskolen.

Kapittel 1 omtalar kulturskolens verdiforankring, rolle i opplæringa og som lokalt ressurscenter.

Kapittel 2 omtalar rammer, prinsipp og pedagogiske retningslinjer.

Kapittel 3 beskriv det faglege og pedagogiske innhaldet for det enkelte undervisningsfaget.

Kapittel 4 legg vekt på kor viktig det er å ha eit kvalitetssikringssystem.

Kapittel 1 – Samfunnsoppdraget for kulturskolen

1.1. Oppdraget for kulturskolen

1.1.1. Opplæringslova

Samfunnsoppdraget for kulturskolen er forankra i Opplæringslova, paragraf § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.» (1997)

Samarbeidet med skoleverket knyter oppdraget for kulturskolen saman med målsettinga for grunnskolen:

«... målet for opplæringa er å utvide evnene hos barn, unge og vaksne til erkjening og oppleving, til innleving, utfalding og deltaking.» (Læreplanverket K06)

1.1.2. Noreg sine plikter etter UNESCO-konvensjonane om barns rettar og om vern av immateriell kulturarv

Formålet og målsettingane for kulturskolen kan bidra til å ta vare på plikter Noreg har gjennom internasjonale konvensjonar.

Noreg ratifiserte FNs barnekonvensjon den 8. januar 1991, og i 2003 vart barnekonvensjonen med tilleggsprotokollar tatt direkte inn i norsk lov gjennom lovene om menneskerettar § 2-4. Retten barna har til kunst og kultur, er nedfelt i barnekonvensjonen artikkelane 30 og 31:

Artikkel 30

I stater hvor det finnes etniske, religiøse eller språklige minoriteter eller personer som tilhører en urbefolkning, skal et barn som tilhører en slik minoritet eller urbefolkningen, ikke nektes retten til sammen med andre medlemmer av sin gruppe å leve i pakt med sin kultur, bekjenne seg til og utøve sin religion, eller bruke sitt eget språk.

Artikkel 31

1. Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.

2. Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter.

Noreg samtykte den 17.10. 2003 til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

Immateriell kulturarv blir mellom anna uttrykt gjennom munnlege tradisjonar og uttrykk, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis som gjeld naturen og tradisjonelt handverk. Kulturskolen kan gi verdfulle bidrag til dette arbeidet. Møte med kulturarv viser elevane kva historisk og kulturell samanheng dei står i. Kulturarven som fortid, med produkt, tradisjonar og tenkjemåtar, som nåtid, gjennom elevane sine referansar og skapande uttrykk her og nå, og som framtid, der elevane skal bruke det dei har lært i ei verd som dei ennå ikkje kjenner.

1.2. Verdigrunlaget for kulturskolen

Kulturskolen byggjer på eit humanistisk menneskesyn og på samfunnsverdiar som fellesskap, ytringsfridom, menneskeverd og demokrati. Det norske fellesskapet rommar eit veksande mangfald av kulturelle uttrykk. Ved å anerkjenne og synleggjere mangfaldet kan kulturskolen bidra til å føre vidare og fornye kulturarven vår. Å respektere andre kulturar enn sin eigen føreset at ein har kjennskap til sin eigen kultur og er trygg på sin eigen identitet. Kulturaktivitetar skaper arenaer der ein høyrer til og for sosialt fellesskap og kan inspirere til å ta del i eit fellesskap der det er rom for ulike meiningar, som er ein føresetnad for eit fungerande demokrati.

For kulturskolen er det naturleg å leggje omgrepet for ytringskultur til grunn for verksemda (Kulturutgreiinga 2014). Omgrepet ytringskultur blir her avgrensa til kunstnarisk verksemd, kunstfagleg opplæring, publikumsmøte knytt til denne opplæringa og vern og vidareføring av materiell og immateriell kulturarv. Omgrepet omfattar både den profesjonelle og ikkje-profesjonelle utøvinga av desse uttrykksformene og å møte slike kulturelle uttrykk som publikum.

Hovudsaka for kulturskolen er å utvikle og ta vare på kunstnarisk og kulturell kompetanse. Til grunn ligg eit heilskapleg syn på mennesket og ideen om at alle menneske har formsans og uttrykksbehov som kan utviklast gjennom opplæring. Kunst- og kulturuttrykk rører ved grunnvilkår ved tilværet vårt slik som glede, lengt, draumar, melankoli og einsemd, og er grunnleggjande i danningprosessen.

1.3. Formålet for kulturskolen

Kulturskolen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen er ein sentral del av den samanhengande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal medverke til danning av barn og unge, fremme respekt for den kulturen andre menneske tilhøyrer, styrke medvit om eigen identitet, styrke evna til kritisk refleksjon og bidra til å utvikle eigen livskompetanse.

Kulturskolen skal også vere eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i den enkelte kommunen. Regionalt kan interkommunale samarbeidsmodellar sikre auka mangfald og høg kvalitet i tilboda. Nasjonalt er kulturskolen ein del av ein landsomfattande kulturell infrastruktur som bidrar til å løfte fram kunst og kultur som berande element i samfunnsutviklinga.

Det norske samfunnet er samansett av mange ulike folkegrupper og det er stor variasjon av kulturelle uttrykk. Aukande geografisk mobilitet og internasjonalisering medverkar til at samfunnet er langt meir komplekst enn tidlegare. Kulturskolen bør spegle mangfaldet gjennom eit breitt samansett tilbod i opplæringa, både når det gjeld undervisning, formidling og skapande verksemd.

1.4. Målet for kulturskolen

Kulturskolen skal

- gi alle elevar mogelegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i kunstfag
- gi alle elevar mogelegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og til å gjere sjølvstendige val
- gi mogelegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i kunst- og kunstfag
- i samarbeid med skoleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kunstfagleg tilbod til alle barn og unge
- som lokalt ressurscenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfalding
- i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kunstfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet

1.5. Kulturskolen og rolla som lokalt ressurscenter

Kulturskolen skal samarbeide med skole- og kultursektoren og medverke til å styrke kompetanse og kulturell utfalding i lokalsamfunnet. Det inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskolar, vidaregåande skolar, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innanfor kunst- og kunstformidling.

1.5.1. Kulturskolen og grunnopplæringa

Den generelle delen av læreplanen som gjeld for både grunnskole og vidaregåande opplæring, framhevar mogelegheiter som ligg i møte med kunst:

«I møtet med skapande kunst kan ein rykkjast ut av oppgådde spor, utfordrast i synsmåtar og få opplevingar som eggjar til kritisk gjennomgang av gjengse oppfatningar og til brott med gamle former» (K06)

Den kunst- og kulturfaglege kompetanse i kulturskolen kan supplere den obligatoriske opplæringa gjennom eit tett samarbeid med skoleverket. Den kulturelle skolesekken (DKS) går inn i tilbodet i grunnskolen til alle elevar. Gjennom konsertar, førestellingar og utstillingar møter elevane profesjonelle kunstnarar fleire gonger kvart skoleår, og kulturskolelærarar kan vere aktive utøvarar innanfor DKS-tilboda.

Lærarar og elevar ved kulturskolen kan også ta initiativ til samarbeid med grunnskole og DKS om lokale produksjonar. På den måten kan elevane i grunnskolen få tilgang til produksjonar med både nasjonale, regionale og lokale utøvarar. Det er også etablert kunst- og kulturtilbod til barn i førskolealder og for eldre barn etter mønster av Den kulturelle skolesekken. Lærarar og elevar ved kulturskolen er naturlege bidragsytarar i formidlinga til desse målgruppene.

Samarbeidet mellom kulturskole og grunnopplæring bør gå føre seg både på elevnivå, lærarnivå og leiarnivå. Det kan til dømes vere samarbeid om store førestellingar og produksjonar som speglar kulturelt mangfald, integrering av kunst- og kulturperspektivet i fag, utstyr og lokale, utvikling av metodar og læringsmiljø, pedagogisk rettleiing og kulturskolen som utstillings- og konserttilbydar.

Undervisninga går føre seg både individuelt og i små og større grupper. Medan grunnopplæringa er aldersdelt og organisert i klassetrinn, har undervisninga i kulturskolen større grad av aldersblanding. Det kan bidra til nettverk mellom elevar frå ulike miljø, klassetrinn og skolar, og aldersblandinga styrker læringsmiljøet i kulturskolen. I den oppgåva kulturskolen har som lokalt ressurscenter, går det også inn samarbeid med helsesektoren, mellom anna med barnevern, sosialteneste, flyktingteneste, helsesøster og eldreomsorg.

Kulturskolen utgjer ei viktig førebuing til dei studieførebuaende utdanningsprogramma Musikk, dans og drama, dessutan studiespesialisering med formgivingsfag i vidaregåande skole. Kulturskolen må sikte mot ei vedvarande styrking av utdanningslina frå begynnarnivå til profesjonell utøvande verksemd, nasjonalt og internasjonalt.

1.5.2. Kulturskolen og kulturlivet

I det lokale kulturlivet møter barn, unge og vaksne kvarandre på ulike arenaer for kunst- og kulturaktivitet. Gjennom deltaking i frivillige organisasjonar lærer barn og unge korleis demokratiske fellesskap fungerer. I samarbeid med det profesjonelle kulturlivet kan eleven møte viktige rollemodellar som kan få mykje å seie for motivasjon og arbeidsinnsats.

For korps, kor, teaterlag, dansegrupper og foreiningar som nyttar seg av opplæringstilbodet gjennom kulturskolen, skal skoleslaget vere viktig støtte for å sikre kvalitet og kontinuitet. Kunst- og kulturmiljø i lokalsamfunnet er viktige samarbeidspartnarar for kulturskolen. Kulturskolen og kulturlivet er gjensidig avhengige av at begge partar gjer eit kvalitativt godt arbeid for å rekruttere nye medlemmer.

Samarbeidet mellom kulturskolen og kulturlivet kan til dømes omfatte avtalar om bruk av lærarane ved kulturskolen slik som dirigentar, akkompagnatørar, produsentar, instruktørar, regissørar og lys- og lydteknikarar. Oppgåva til kulturskolen er her å støtte opp om aktivitetar i det frivillige kulturlivet med den kompetansen som personalet ved kulturskolen representerer. Investering i og felles bruk av utstyr og lokale er andre døme på korleis det frivillige kulturlivet og kulturskolen kan bidra til at ressursar blir utnytta på best mogeleg måte.

Ein annan viktig aktør er Ungdomens kulturmonstring (UKM) som gjennom lokale kulturfestivalar legg vekt på å få fram dei unge sine kulturuttrykk. Monstringane er ein arena for formidling, læring og oppleving. UKM tar også vare på dei ungdomane som deltar på ikkje-institusjonaliserte kunst- og kulturarenaer. Kulturskolen og UKM kan samarbeide om førebuing til og gjennomføring av den lokale monstringa.

Kulturskolen kan også vere ein arena som høver godt for kulturelt entreprenørskap gjennom samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar. Som ressurscenter er kulturskolen involvert i store delar av dei kunst- og kulturfaglege tilboda i kommunen og tar på den måten vare på ein viktig funksjon i den lokale kulturelle grunnmuren.

1.6. Faga i kulturskolen

Faga i kulturskolen er først og fremst musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Kulturskolen kan også tilby undervisning i andre fag som høyrer til yringskulturen (sjå 1.2). Fagplanar for desse faga finst i kapittel 3 i rammeplanen. Fagplanane varetar måla for kulturskolen på faga sine premisser. Læringsmål, innhald, varierte arbeidsformer, fleksibel organisering av tilboda og ulike vurderingsformer skal takast inn i dei enkelte fagplanane. Alle elevar i kulturskolen skal få undervisning som er tilpassa deira interesser og føresetnader. I tillegg skal det utviklast lokale læreplanar for tilboda ved den enkelte kulturskolen.

For å kunne gi attraktive tilbod og dermed sikre brei rekruttering til skoleslaget, skal kulturskolen leggje vekt på mangfald i undervisningstilboda sine. Den enkelte kulturskolen er ansvarleg for å utvikle lokale læreplanar med grunnlag i rammeplanen for alle fag som skolen tilbyr.

1.7. Organisering av opplæringa

Undervisninga i faga i kulturskolen blir organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetting: *Breiddeprogrammet*, *Kjerneprogrammet* og *Fordjupingsprogrammet*. Programma skal ta vare på behovet for tilpassa opplæring og er graderte i høve til undervisningsmengde og krav til eigeninnsats. Det ligg eit stort fagleg-pedagogisk potensial i ei vidare utvikling av samvirket mellom individuell oppfølging og gruppeundervisning.

Gjennom opplæringa skal alle elevar få mogelegheit til å uttrykkje seg overfor eit breitt publikum. Konsertar, førestellingar og utstillingar skal gå inn i opplæringa for alle elevar som ein integrert del av undervisninga. Alle elevar skal få tilbakemeldingar på eiga utvikling og eigne resultat gjennom utviklingssamtalar.

For elevar som ønskjer å gå vidare med kunstfagleg utdanning, skal opplæring i kulturskolen gi grunnlag for å kunne kvalifisere seg til studieprogram for Musikk, dans og drama, dessutan studiespesialisering med formgivingsfag, til talentprogram ved høgare utdanningsinstitusjonar og til høgare kunstfagleg utdanning.

Breiddeprogrammet

Programmet har ope opptak for alle elevar som ønskjer det. Undervisninga skal medverke til å utvikle kreative evner, fagleg kompetanse og samarbeidsevne som grunnlag for personleg utfolding.

Breiddeprogrammet omfattar fagtilbod som høver særskilt godt for gruppe- og ensembleundervisning. Det kan til dømes vere grupper innan musikk, dans, teater, visuell kunst, leik- og rytmikkbasert begynnarpplæring, tilbod for elevar med spesielle behov og grupper som kombinerer ulike fag. Undervisninga kan bli gitt i form av introduksjonskurs, begynnarpplæring eller som opplæring for vidarekomne.

Krav til deltaking og eigeninnsats blir nærmare spesifisert i det enkelte undervisningstilbodet.

Kjerneprogrammet

Programmet har ope opptak for elevar som er motiverte for større undervisningsmengde og systematisk eigeninnsats.

Innhaldet i undervisninga skal medverke til å utvikle kreative evner, handverksmessig og kunstnarisk kompetanse og samarbeidsevne.

Undervisninga blir gitt som begynnarpplæring eller som opplæring for vidarekomne.

Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande utdanning og er basert på langsiktighet, progresjon og systematisk trening. Undervisninga er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt, i grupper og i ensemble.

Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet har opptaksprøver.

Undervisninga legg vekt på å utvikle kreative evner, handverksmessig og kunstnarisk kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne.

Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt, i grupper og ensemble.

Fordjupingsprogrammet er for elevar som har særleg interesse og særskilde føresetnader for å arbeide med faget. Undervisningstilbodet skal vere vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang i høve til kjerneprogrammet.

Det blir stilt krav til høg og målretta eigeninnsats.

Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Delar av undervisninga kan gå føre seg i samarbeid med andre institusjonar på regionalt og nasjonalt nivå.

Den enkelte kulturskolen avgjer sjølv fagtilbodet, organisering av tilboda og utforminga av lokale læreplanar på grunnlag av rammeplanen. I dei faga skolen tilbyr, skal den lokale læreplanen innehalde beskriving av alle tre programma.

For å styrke kvalitet og breidde i det samla undervisningstilbodet blir den enkelte kulturskolen oppfordra til å ta del i interkommunalt og regionalt samarbeid, samarbeid med lokale kunst- og kulturmiljø, vidaregåande skole, og med talentutviklingsprogram ved høgare utdanningsinstitusjonar.

Dei tre opplæringsprogramma er omtala nærmare i innleiinga til dei sentralt gitte fagplanane i kapittel 3.

Kapittel 2 - Prinsipp og retningslinjer for verksemda i kulturskolane

Innleiing

Opplæringslova § 13-6 pålegg alle kommunane i Noreg å ha eit musikk- og kulturskoletilbod anten aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Prinsippet om likeverd i skole- og utdanningstilbod er ei overordna kultur- og utdanningspolitisk målsetting i Noreg, og rammeplanen skal bidra til å sikre felles nasjonale normer for mål, innhald og kvalitet i kulturskolane.

2.1. Kommunen sitt ansvar som skoleeigar

Kommunen som skoleeigar har ansvaret for at tilboda i kulturskolen følgjer nasjonale føringar som er gitt i rammeplanen. Kulturskolen skal gå inn i plandokumenta i kommunen og kan vere ein del av strategiarbeidet i kommunen innanfor både utdanning, kultur og helse.

Skoleeigaren har ansvar for at kulturskolen har kvalifiserte lærarar. Dette inneber å sikre at kulturskolelærarane får tilsvarende vidare- og etterutdanningstilbod som dei andre lærarane i skoleverket. Kommunen kan ta initiativ til samarbeid med andre kommunar/regionar om etter- og vidareutdanning og oppmuntre kulturskolen til å ta mot praksisstudentar frå høgare utdanningsinstitusjonar der tilhøva ligg til rette for det. Skoleeigaren kan også ta initiativ til samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar om forskning og utviklingsarbeid i faga i kulturskolen.

Kommunen har ansvar for at kulturskolen har lokale som er tilpassa undervisningstilboda, og kulturskolen skal kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt. Skoleeigaren bør syte for at kulturskolen kan tilby friplassar og moderasjonsordningar for å sikre at barn og unge får like moglegheiter til å ta del i tilboda i kulturskolen.

Ifølgje opplæringslova kan kulturskolen gå inn i det tilsynet som fylkesmannen har med kommunane. I tillegg til informasjon om kva slags kulturskoletilbod kommunen har, kan det samarbeidet som kulturskolen har med skoleverket og kulturlivet, gå inn i tilsynet.

Nasjonale fagplanar går inn i rammeplanen. Det skal utarbeidast lokale læreplanar for alle faga som kulturskolen tilbyr. Dei lokale læreplanane skal ta omsyn til både nasjonale normer og lokale tilpassingar når det gjeld mål, innhald, organisering og vurdering. Skoleeigaren har ansvar for drift av kulturskolen og for å sikre at kulturskolen har eit system for kvalitetssikring av opplæringa.

2.2. Skoleleiaren sitt ansvar

Den enkelte kulturskolen er sjølv ansvarleg for å gjennomføre det vedvarande arbeidet med kvalitetssikring av dei tilboda som blir gitt.

Skoleleiaren må leggje til rette for pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle faga ved kulturskolen. Døme på utviklingsarbeid kan vere forsøk med ulike måtar å organisere undervisninga på, bruk av digitale verktøy, produksjon av undervisningsmateriell og fleirkulturelle og tverrfaglege prosjekt. Kompetanseheving for lærarar gjennom systematisk kollegabasert samarbeid kan bidra til at læraren vidareutviklar eigen praksis og refleksjonskompetanse.

For å sikre ei kunnskapsbasert utvikling i skoleslaget er det behov for ytterlegare dokumentasjon og empiriske studiar knytte til innhald, arbeidsmåtar og vurdering i faga. Kulturskolelæraren og -leiaren bør i større grad blir skolerte i utforskning og dokumentasjon av egne praksiserfaringar, gjerne i samarbeid med høgare utdanning. Personalet ved kulturskolen bør ha moglegheit til å ta del i regionale, nasjonale og fleirnasjonale fag- og forskingsnettverk.

2.3. Samarbeid om elevane si læring

Kulturskolen har eit særleg ansvar for samarbeid med skoleverk, korps, kor, lag, foreiningar og frivillige og profesjonelle kunst- og kulturorganisasjonar. På den måten kan eleven møte ein heilskapleg arena for eiga kunstutfolding og få anerkjenning for kunnskapar og ferdigheiter også utanfor kulturskolen. Eit læringsmiljø som oppmuntrar til deltaking i kulturelle fellesskap har mykje å seie for motivasjonen til eleven.

2.3.1. Samarbeid med foreldre/føresette

Ein viktig faktor for at eleven skal lykkast, er at både foreldre/føresette og lærarar er engasjerte og støttande og har forventningar til at barnet skal lære. Løpande kontakt mellom kulturskole og heim om elevens utvikling, trivsel, frammøte og øvingsinnsats er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.

Elevar og foreldre/føresette skal gjerast kjende med kva forventningar kulturskolen har til elevane sin innsats i dei ulike programma. Dei skal også gjerast kjende med kulturskolen sin læreplan for det aktuelle faget og kva slags undervisningstilbod dei kan vente. Dei krav og forventningar læraren har til resultat, betyr mykje for innsatsen og motivasjonen til eleven. Det skal utarbeidast tydelege og konkrete mål for kva eleven skal lære, og læraren må kunne diskutere og formulere kva som kjenneteiknar gode læringsprosessar. Læraren og foreldre/føresette må saman motivere elevane til aktiv utfolding innanfor deira kunstfaglege virkefelt, også utanom den organiserte opplæringstida.

Den personlege, kunstnariske og handverksmessige veksten og meistringa til eleven er det viktigaste målet for opplæringa. Kulturskolelæraren må lære eleven å ta ansvar for eigen innsats i og mellom undervisningstimane. Metodar for å integrere treninga og øvinga til eleven i opplæringa bør vere eit prioritert tema i undervisninga. Ein del kulturskolar har lange tradisjonar for at elevar

og foreldre/føresette samarbeider om opplæringa. Det kan stimulere utviklinga til eleven og lette oppfølginga i heimen. I løpet av skoleåret bør det gjennomførast ein til to utviklingssamtalar der læraren og eleven møtest saman med foreldre/føresette og der eleven sin læringsprosess og læringsresultat, trivsel og innsats, er tema for dialog og vurdering.

Hovudarenaene for elevane si læring er undervisningstimane og heimearbeidet. Men læring går også føre seg i andre samanhengar. Å ta del i ulike samanhengar for formidling er ein viktig del av ein læringsprosess. Særleg blir motivasjonen styrkt når elevane får samhandle med andre som har kome lenger enn dei sjølv. Elevane må få høve til å undre seg og eksperimentere, til å vere forskarar. Dei må få oppdage kunstnariske uttrykksmiddel og ta dei i bruk.

Elevmedverknad og motivasjon heng saman. Gjennom dialog mellom elevane og læraren, der elevane får vere med og leggje planar, utvikle evne til eigenvurdering, seie si meining om miljøet på kulturskolen, undervisninga og korleis dei lærer, får elevane mogelegheit til å verke inn på sin eigen læringsprosess.

2.3.2. Samarbeid om ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring

Læreplanverket for grunnskolen appellerer til eit samarbeid mellom grunnskole og kulturskole i faga musikk og kunst og handverk. I tillegg til samarbeid om innhaldet i faga kan lærarane ved kulturskolen vere ein viktig ressurs for undervisninga i grunnskolen gjennom felles prosjekt. Kulturskolelærarar som arbeider i kombinerte stillingar mellom kulturskole og grunnskole eller vidaregåande skole, har særlege kunnskapar om den kunst- og kulturfaglege kompetansen til kulturskoleelevane. Ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring kan ta vare på behova til dei ulike elevgruppene gjennom systematisk samarbeid og ressursbruk.

Digitale verktøy kan vere formålstenlege for elevane sitt arbeid med kunstfaga. Elevane sin mediekvardag er prega av at mange typar kommunikasjon og uttrykksmåtar samverkar, til dømes bilde, lyd, design og verbalspråk. Det kan stimulere til kunst- og kulturprosjekt som tar vare på tverrfaglegheit og sidestilte uttrykksformer. Læring gjennom digitale medium er ein stadig aukande aktivitet for barn og unge, og temaet bør også gå inn i undervisninga ved kulturskolane.

2.3.3. Vurdering for læring

Vurdering for læring inneber rettleiing, tilbakemeldingar til eleven og utviklingssamtalar med foreldre/føresette, der formålet er å skape best mogelege vilkår for eleven si utvikling. Arbeidet til kulturskolelæraren med vurdering i ulike fag og program bør styrkjast gjennom systematisk kompetanseheving.

Samanhengen mellom kunstnariske mål, kriterium, motivasjon og rettleiing bør synleggjerast. Målet er å utvikle ein god og framtidsretta vurderingskultur som er tilpassa det særpreget som kulturskolen har.

På institusjonsnivå er det nødvendig med løpande vurdering av undervisningsformer og organisering og av alle støttefunksjonar som bidrar til å utvikle eleven.

2.4. Lærarrolla og profesjonen

«Lærarane avgjer ved sin veremåte både om elevane si interesse skal bestå, om elevane kjenner seg flinke og om deira iver skal vare ved.» (K06, Generell del)

Læraren sitt møte med eleven og eleven sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er det sentrale i kulturskolen. Kulturskolelæraren må vere medviten om dei mange rollene ein har som profesjonsutøvar: pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, kulturberar, vurderar og kollega.

Leiinga må leggje til rette for at lærarane får dele og kritisk vurdere yrkeskunnskapen sin. Dei må kunne beskrive og grunngi praksisen sin med eit felles fagspråk. Slik kan ulike kunnskapsformer i større grad kome til uttrykk og profesjonaliteten kan løftast fram, ikkje minst i kontakten med personar og institusjonar utanfor kulturskolen.

Den enkelte kulturskolen bør leggje vekt på og stimulere ulike kompetansar hos læraren. Desse kompetansane bør tolkast og reflekterast over, og dei bør leggjast til grunn for dialogar om arbeidsmiljø og læringsmiljø.

- Kunstfagleg kompetanse
- Didaktisk kompetanse
- Kommunikativ kompetanse
- Refleksjonskompetanse
- Relasjonskompetanse
- Leiarkompetanse
- Læreplankompetanse
- Vurderingskompetanse
- Yrkesetisk kompetanse

Kvaliteten på kulturskolen vil vere avhengig av at lærarane har ein arbeidssituasjon der dei kan utvikle seg som utøvarar av faget sitt. Læraren i rolla som aktiv utøvar er eit godt forbilde for elevane. Som del av profesjonsutviklinga er det avgjerande at både lærargruppe og leiing får opplæring i lokalt læreplanarbeid, slik at dei kan bidra i implementeringa av rammeplanen og dei aktuelle fagplanane.

2.5. Kompetansekrav for tilsetting i kulturskolen

1. For tilsetting i undervisningsstilling skal det normalt krevjast:

Høgare kunstfagleg utdanning i utøvande og/eller skapande kunstfag, tilpassa undervisningsoppgåvene for stillinga. Som minimum blir det kravd tre års kunstfagleg utdanning. Krav om praktisk-pedagogisk utdanning gjeld alle.

Alternativt:

Faglærerutdanning med minimum 120 studiepoeng kunstfag

Skoleeigaren kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstillar desse krava dersom dei kan dokumentere tilsvarande realkompetanse.

2. For tilsetjing i leiarstilling i kulturskolen skal det krevjast same faglege kvalifikasjonar som ved tilsetjing i undervisningsstilling. Leiarar skal ha minst tre års erfaring frå kulturskole og relevant leiarutdanning og/eller relevant leiarerfaring.

Skoleeigaren kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstillar desse krava dersom dei kan dokumentere tilsvarande realkompetanse.

2.6. Kvalitet i kulturskolen

Kvaliteten på undervisninga bør diskuterast vedvarande i kulturskolen. Skoleeigaren har ansvar for at det finst eit kvalitetssikringssystem for verksemda, og skoleleiaren har ansvar for å gjennomføre eit systematisk kvalitetssikringsarbeid. Arbeidet har som mål å bidra til å utvikle kulturskolen på alle målområda i rammeplanen. Viktige element i kvalitetsarbeidet kan vere:

Undervisnings- og læringskvalitet:

- Elevane sin eigeninnsats og aktivitet
- Tilhøvet mellom mål og realisering av dei ulike programma
- Undervisning, læringsprosessar og læringsmiljø
- Lærarkompetanse og kollegasamarbeid
- Pedagogisk utviklingsarbeid

Kvalitet i rammefaktorar:

- Rutinar for elevopptak
- Mengde undervisningstid og organisering av undervisninga
- Utstyr og lokalitetar
- Ressursbruk

Verksemdkvalitet:

- Samarbeid mellom heim og kulturskole
- Planar for kompetanseutvikling for lærarar og leiarar
- Samarbeid mellom kulturskole og eksterne kompetansmiljø
- Aktivitetsnivå, tal på konsertar, førestellingar og utstillingar
- Kulturskolen sitt system for kvalitetssikring
- Langsiktigheit i planlegging av verksemda
- Arbeidsmiljø
- Leiing
- Samarbeid mellom kulturskole og eksterne samarbeidspartnarar.

Mal for kvalitetssikringssystem finst i kapittel 4 i rammeplanen.

2.7. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forskning

Kulturskolefeltet er eit relativt nytt profesjonsfelt som treng forskning og utviklingsarbeid for å utvikle kunnskap om skoleslaget. Det er viktig at kulturskolelærarane får støtte til å utvikle eigen praksis og til å drive fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid. Det er avgjerande for utviklinga av skoleslaget at det er mogeleg for både lærargruppe og leiing å få etter-/vidareutdanning i læreplanarbeid for å bidra til å implementere ny rammeplan og tilhøyrande fagplanar, dessutan utarbeide lokale læreplanar for faga i kulturskolen i den enkelte kommunen.

Høgare kunstfaglege utdanningsinstitusjonar kan i samarbeid med praksisfeltet ta initiativ til og gjennomføre forskingsprosjekt og pedagogiske og kunstnariske utviklingsprosjekt. Vekta kan mellom anna ligge på nye arbeidsmåtar og organisering av undervisning, utvikling av nytt undervisningsmateriell, samarbeid om skapande og utøvande verksemd, tverrfaglege prosjekt, lokalt entreprenørskap og multimediale undervisningsformer.





Kapittel 3 - Fagplanane

3.1. Innleiing til fagplanane

Dette kapitlet inneheld fagplanar for fem fag: musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Som kunst- og kulturfag har dei mykje felles og er omtala etter same struktur. Faga har ulike tradisjonar som undervisningsfag, noko det er tatt omsyn til innanfor strukturen i dei enkelte fagplanane.

Dans og visuell kunst inneheld så mange ulike teknikkar/sjangrar at fagplanane i desse to faga ikkje har spesifisert læringsmåla i utviklingsfasar, slik dei andre faga har. Det er ein føresetnad at dette blir gjort lokalt når ein veit kva teknikkar/sjangrar som den enkelte kulturskolen skal tilby.

3.1.1. Opplæringsprogramma i kulturskolen

Breiddeprogrammet

Kulturskolen er ein naturleg kompetanseleverandør i kommunen i kraft av ein høgt kvalifisert lærarstab og brei fagleg kompetanse. Det er viktig at mandatet til kulturskolen som lokalt ressurscenter blir gjort synleg for politikarar, andre institusjonar, frivillige organisasjonar og lokalsamfunnet rundt kulturskolen. Dette må vere utgangspunkt for kulturskolen som lokalt ressurscenter i kommunen (jf. 1.4. og 1.5.).

Hovudintensjonen med Breiddeprogrammet er ei utoverretta verksemd basert på samarbeid som femner breitt. Det bør primært gjennomførast i samarbeid med grunnskole, vidaregåande skole, SFO, barnehage og andre instansar som har barn og unge som målgruppe. Det kan også vere i samarbeid med miljø for fysisk og psykisk helse, flyktingetat, kyrkje, bibliotek, eldreomsorg, kulturinstitusjonar, UKM, lag, foreiningar, skolekorps, festivalar, næringsliv, miljøetatar og andre. På den måten får visjonen «Kulturskole for alle» eit reelt innhald, og kulturskolen sin «ytringskultur» kan gjerast gjeldande i eit større format.

Denne verksemda må vekse ut av møtet mellom lærarkompetansen og potensialet ved kulturskolen og behov i den enkelte kommunen. Verksemda kan ha ulik struktur og varigheit og må tilpassast kapasiteten og kompetansen ved den enkelte kulturskolen. Det bør utviklast samarbeidsmodellar og intensjonsavtalar der identitetsskaping, lokal kultur og historie, kulturmangfald, innovasjon, entreprenørskap og utvikling er målet.

Kulturskolen må utforske og etablere nye publikumsmøte på nye arenaer for å få kunstoplevingane ut til fleire. Dette er ei naturleg vidareføring av kulturskolen som ressurscenter i lokalmiljøet.

Breiddeprogrammet bør planleggjast og gjennomførast ut frå følgjande prinsipp:

- Bruke kunst og kultur som grobotn for livskvalitet, fellesskap, deltaking, danning og meining.
- Styrke oppvekstmiljø og kjensle av å høyre til gjennom kunst og kultur.
- Leggje til rette for inkludering og fellesskap med vekt på mangfald, openheit og fleirfagleg/tverrfagleg samarbeid.
- Arbeide med ulike arbeidsseminar, prosjekt, tema og arrangement med synleggjering og deling av resultat/visningar.
- Leggje til rette for oppleving, erfaring og aktivisering i ulike konstallasjonar av tid, rom og deltakarar.
- Styrke kulturelt entreprenørskap i lokalmiljøet.
- Bruke kunst og kultur i offentlege rom og i ein samfunnskontekst.

Organiseringa kan vere prosjekttretta, tverrfagleg eller kursbasert, eller som ulike gruppe- og ensembletilbod som varer ved frå år til år.

Kulturskolen kan tilby prosjekt/kurs som del av eit Breiddeprogram. Fagleg kvalitet og undervisningskvalitet i desse har som føresetnad ein viss storleik på gruppene. Dette kan til dømes vere:

- Kunstkarusellar, som kombinerer ulike kunst- og kulturuttrykk som visuell kunst, skapande skrivning, teater, sirkus, handverk eller andre aktuelle fag i den enkelte kommunen. Kunstkarusellar vil gi elevane høve til å bli kjende med ulike kunstfag før dei søker opptak i Kjerneprogrammet. Tilboda vil fungere som «dørøpnarar»; dei speglar den heilskaplege kompetansen i den lokale kulturskolen og vil kunne bidra til auka rekruttering til kulturskole og kulturliv.
- Introduksjonskurs i eitt enkelt kunstfag for elevar som ønskjer å prøve ut ulike instrument eller ulike dansestilar osv.
- Spesialkurs innanfor tradisjonsrik kulturarv og smale tilbod.

Som kompetanseleverandør kan kulturskolen også tilby kompetansehevingskurs, konferansar, vere rådgivande organ, festivalarrangør m.m.

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er hovudverksemda ved kulturskolen. Langsiktigheit er hovudprofilen i kjerneprogrammet. Programmet er for elevar som ønskjer å arbeide med kunstfaget over tid og er basert på progresjon, systematisk trening og eleven si utvikling gjennom ulike fasar. Opplæringa vil vanlegvis strekkje seg over fleire år.

Kjerneprogrammet skal vere rekrutterande og førebuande for elevar som ønskjer å gå vidare til Fordjupingsprogrammet. Det skal også kunne førebu for vidare utdanning. Opplæringa blir delt inn i fasar som byggjer på kvarandre, og fasane seier noko om kor langt eleven har kome i faget.

Forventningsnormer. I dette omgrepet ligg ei generell beskriving av det læringsutbyttet ein kan vente at eleven har oppnådd i løpet av dei ulike fasane. Det blir beskrive i form av læringsmål i dei fem fagplanane og synleggjer forventningar om kvalitet og progresjon. Læringsmåla gjeld på

tvers av ulike sjangrar/emne innanfor det enkelte faget. Til saman vil læringsmål, fasar, innhald og arbeidsformer i faget synleggjere og legitimere det langsiktige pedagogiske arbeidet.

Dei individuelle føresetnadene til eleven vil bestemme progresjonen. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane.

Lokale læreplanar. Det vil vere behov for å utarbeide lokale læreplanar som konkretiserer læringsmåla og viser fagleg progresjon frå nybegynnar til vidarekome nivå, for ulike visuelle fag, dansefag, tekstlege uttrykk, sceniske uttrykk og ulike instrumentgrupper. Læraren/kollegiet synleggjer dermed eit læringsforløp der fagkomponentar byggjer på kvarandre, viser korleis ein time byggjer på tidlegare timar, korleis ein undervisningstermin leier til den neste osv.

Læringsstrategiar, progresjon i øvings-/treningsmengde og eigeninnsatsen til eleven står sentralt i Kjerneprogrammet. Læraren bør ta omsyn til den heilskaplege læringssituasjonen til eleven som ein naturleg del av undervisningsplanlegginga, både lære eleven fagstoffet og lære eleven å tileigne seg dette på ein mest mogeleg formålstenleg måte. Å få kjennskap til dei fritidsaktivitetane som eleven er involvert i utanom kulturskolen, kan gi viktig informasjon.

Den enkelte kulturskolen bør innanfor Kjerneprogrammet ta ansvar for ekstraordinære undervisningstilbod som har som formål å ta vare på instrument og lokale kulturtradisjonar med mangelfull rekruttering. Det same gjeld særskilde delar av tradisjonsrik kulturarv.

Vidarekomne elevar i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan få tilbod om spesialiseringkurs som er relevante.

Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet er for elevar med særskilde føresetnader og interesser for den kunstnariske aktiviteten. Det blir stilt krav til sterk og målretta innsats. Fordjupingsprogrammet skal kunne førebu for høgare utdanning.

Programmet byggjer på Kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til undervisningstimal og innhald. Det blir planlagt som eit forløp med fagleg progresjon. Det er ein føresetnad at læraren utnyttar familieengasjement, byggjer støtte- og kontaktnett rundt eleven og ser kva som trengst for den totale veksten til eleven. Spesielt viktig er det å gjere eleven medviten om ambisjonar og vidare val.

Elevane blir tatt inn etter søknad og opptaksprøver. Det er læraren som rår eleven til å søkje når tida er inne. Opptak til programmet blir bestemt av nivået til eleven, ikkje alder.

For å styrke kvaliteten i undervisningstilbodet eller for å få breiare tilgang til lærarkompetanse blir den enkelte kulturskolen oppfordra til å gå inn i eit samarbeid om å etablere Fordjupingsprogram (jf. 1.7). Det kan vere interkommunalt samarbeid, samarbeid med lokale kunst- og kulturmiljø, lag, programfag i vidaregåande skole eller høgare utdanning. Visuell kunst kan søkje om opplæringsplass på atelier hos ein profesjonell kunstnar. Programmet kan også omfatte nettbaserte tilbod for undervisning som ikkje er tilgjengeleg regionalt, om dei er fagleg eigna.

Den enkelte kulturskolen bør styrke undervisningstilbodet rundt enkeltelevar på vidarekome nivå i Kjerneprogrammet slik at dei blir potensielle søkjarar til Fordjupingsprogrammet.

Undervisninga i alle program skal ha høg kvalitet. I alle program bør det utarbeidast lokale retningslinjer for deltaking og oppmøte.

3.1.2. Læraren i kulturskolen

Arbeidet som kulturskolelærer krev høg kompetanse og profesjonalitet og er sett saman av både faglege, didaktiske og menneskelege kvalifikasjonar (jf. 2.4.). Yrket føreset at læraren kan gå inn i roller som utøvande og skapande kunstnar, pedagogisk rettleiar, kunnskapsformidlar, omsorgsperson, kulturformidlar, relasjonsbyggjar og kollega på éi og same tid. Kompetanse kan definerast som summen av praktiske ferdigheiter, kunnskapar, evne til refleksjon og personlege kvalitetar hos læraren (St.meld. nr. 11, s. 47).

Nokre utvalde lærarkompetansar frå kapittel 2 er utdjupa nedanfor.

Kunstfagleg kompetanse. Lærarar er viktige rollemodellar. Dei må derfor vere samspelepartnarar og utøve faget sitt i møte med elevane. Kulturskoleleiaren bør leggje til rette for at lærarane kan halde fram som utøvarar av faget sitt.

Kva kulturinnhald eleven skal gjerast kjent med, er eit sentralt spørsmål i undervisninga. Kulturskolelæraren kan oppleve eit dilemma mellom eleven sine interesser og ønske om innhald og sin eigen preferanse og ekspertise. Lærarkollegiet bør vedvarande drøfte spørsmålet om konsekvensane av ulike innhaldsval. Eleven må få møte eit innhald som har djupn og kvalitet og som er eigna til teknikktraining, utøving, utforming og refleksjon. Kulturskolelæraren har ansvar for å opne dører til rom som eleven ennå ikkje veit om, men samtidig byggje bru til den faglege horisonten til eleven.

Personalet i kulturskolen bør få kjennskap til den samiske kulturen i Noreg (jf. 1.1.2.). I relevante område må det leggjast til rette for at samiske barn og unge kan utvikle kulturen sin innanfor rammene for fellesskapet. Kulturskolen bør også vere medviten om den ressursen det kulturelle mangfaldet utgjør i kommunen lokalt.

Didaktisk kompetanse. Læraren i kulturskolen er ein reflektert praktiskar som er i ein vedvarande utforsknings- og utviklingsprosess når det gjeld eiga undervisning. Det gjeld både planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning der vekslinga mellom daglege praksiserfaringar og faglege og pedagogiske perspektiv gir viktige innspel til profesjonstenkinga. Ein dyktig lærar er opptatt av at elevane skal lære, klargjer mål og forventningar om innsats, organiserer undervisninga med tydeleg progresjon og læringsstøttande tilbakemeldingar.

Kollegialt didaktisk arbeid er del av kulturskolen som ein lærande organisasjon, og eit vedvarande utviklingsarbeid bør kome til syne i arbeidsplanane til lærarane. Ein open delingskultur kan stimulere til auka utdanningskvalitet, tverrfagleg samarbeid, utprøving av nye arbeids- og læringsformer, dessutan betre kontinuitet og heilskap i det samla tilbodet i kulturskolen.

Relasjonskompetanse. Kontakten og interaksjonen mellom lærar og elev er ein av dei viktigaste faktorane for læring. Ein tillitsbasert relasjon er avhengig av den evna læraren har til å sjå kvar enkelt elev og møte elevane frå deira perspektiv. Det fremmer trygge, glade, samarbeidsorienterte og motiverte elevar og inneber at elevane aktivt tør ta del i eigne læringsprosessar.

Å ta del i eit breitt utøvarmiljø på tvers av aldersgrupper og generasjonar er viktig og ofte avgjerande for å bli ein dyktig muskar, dansar osv. Dette gjer læraren til ein sentral kulturarbeidar som, så langt det lar seg gjere, må samarbeide med frivillige lag og organisasjonar. Det kan vere skolekorps, spelemannslag, danseringar, teaterlag, aspirantorkester, historielag mfl.

Dette gjeld i prinsippet alle nivå og program. Prosjekt med vekt på lokal historie, lokale handverks-tradisjonar, musikk- og dansetradisjonar vil bidra til oppleving av meistring, lokal identitet og kjensle av å høyre til.

Yrkesetisk kompetanse. Å vere elev i kulturskolen inneber at elevane må eksponere seg, vise kva dei kan og ikkje kan, uttrykke kjenslelivet sitt. Dette gjer eleven sårbar. Det inneber dermed eit spesielt yrkesetisk ansvar. Læraren må vere medviten om det asymmetriske tilhøvet mellom elev og lærar, sørge for at elevane kjenner seg trygge i undervisningssituasjonen og at alle får oppleve glede og framgang. Lærarkollegiet bør tenkje over kva konsekvensar dei verdiane ein står for og er sett til å forvalte, bør få i form av handlingar og veremåte.

Når eleven er under myndighetsalder, har lærarane også eit etisk ansvar overfor foreldre/føresette. Dei må kome dei i møte, ta seg tid til å grunngi og forklare dei vala dei gjer.

For å trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen er det avgjerande at ein kjenner seg verdsett, blir anerkjent og opplever respekt blant *kollegaer og leiing*. I praksis kan dette bety at kollegiet reflekterer over og drøftar veremåtar, normer og tradisjonar som eksisterer på arbeidsplassen. Her har alle eit ansvar. Yrkesetikk gjeld også overfor *arbeidsgivaren*. Som tilsett har ein eit formalisert mandat, ein rammeplan, stillingsinstruks m.m. Å vere konstruktiv i høve til desse rammene er ei vesentleg side ved lærarprofesjonaliteten.

Som lærar forvaltar ein faget. Ein har eit ansvar for å vidareføre tradisjonar, arbeide for statusen faget har i samfunnet og for å halde oppe fagleg kvalitet. Kunstfaget skal alltid ha ein solid kjerne av kunstnarisk kvalitet (Hanken 2004).

Lærar og leiing må i fellesskap og individuelt utvikle moralske kompass. Det inneber fire utfordringar som høyrer saman:

- 1) Lære å *oppdage* når ein står overfor ei etisk utfordring.
- 2) Utvikle evna til moralsk *refleksjon*, mellom anna å kunne sjå på konsekvensane av moglege val.
- 3) Utvikle ein yrkesetisk *motivasjon*, det vil seie å vere villig til å ta moralsk ansvar i yrket.
- 4) Utvikle ein *karakterstyrke* som gjer at ein handlar i samsvar med si overtiding (Bergem 1996). Det er leiaren sitt ansvar å initiere og strukturere dette yrkesetiske arbeidet.

3.1.3. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forskning

Det er ein føresetnad at det enkelte lærarkollegiet utarbeider lokale læreplanar som spesifiserer progresjon og innhald i undervisninga. Utgangspunktet for planane er læringsmåla, samtidig som ein tar omsyn til prinsippet om tilpassa opplæring for den enkelte eleven. Så langt det lar seg gjere, bør dette vere eit kollektivt arbeid der kollegaer gjennom dialog utviklar normer for kva som er god planlegging, god undervisning og god vurderingspraksis. Slik utviklar ein felles standardar.

Dette vil vere eit viktig utviklingsarbeid for den enkelte kulturskolen som ledd i å stimulere til auka utdanningskvalitet. Gjennom ein slik praksis kan kulturskolelærarar frå både små og store kommunar ta del i utviklinga av profesjonen og i diskusjonen om kva krav og forventningar profesjonen deira skal medverke til i kulturskolen.

Utviklinga av profesjonalitet som kulturskolelærer tilseier at forskingsinformert og forskingsbasert undervisning må styrkjast kontinuerleg. Å ha lærarar med vidareutdanning på masternivå vil vere eit stort aktivum for den enkelte kulturskolen. Det er eit leiaransvar å sørge for dette. Skoleleiaren bør formidle og oppdatere informasjon om kvar lærarane kan finne relevant forskning for faget sitt og stimulere til utprøving, publisering og deltaking i fagkonferansar og forskingsnettverk, dessutan samarbeid med universitets- og høgskolesektoren.

3.1.4. Eleven i kulturskolen

Livskompetanse. I ei tid der unge lett kan gå inn i rolla som passive forbrukarar, får kunstfag-opplæringa ein sentral plass. Ved å leggje vekt på kognitiv, emosjonell og motorisk trening, trening av merksemd og utvikling av sjølvuttrykk, vil opplæringa kunne medverke til produktive menneske. I kulturskolen vil elevane utvikle leiareigenskapar og kommunikasjonsevne, lære problemløysing og lagarbeid.

Kulturarven er ein grunnleggjande faktor i utviklinga av livskompetansen til eleven. Gjennom kjennskap til fortida blir barn og unge rusta til å meistre utfordringar i nåtid og framtid. Kvart kulturelt uttrykk står i ein historisk samanheng, det har vakse fram på bakgrunn av tidlegare kulturuttrykk og har perspektiv både bakover og framover. Gjennom kunnskap om det som har vore, vil eleven oppleve seg sjølv som ledd i ei kjede, noko som inneber ei utviding av horisonten og er ei side ved identitetsdanning. *Gjenskape* og *skape sitt eige* vil kunne bidra til å auke menneskekunnskapen hos eleven – om seg sjølv og om andre.

Mennesket som utgangspunkt. Barn og unge lærer i samhandling med kompetente lærarar og medelevar. Dei har alle mogelegheiter for utvikling buande i seg. Rolla til læraren er å leggje til rette for dette og gi dei mogelegheiter til å *utforske* og *oppdage* kunstnariske uttrykksmiddel, gi dei mogelegheiter til å meistre desse uttrykksmidla og ta dei i bruk. Deretter gjere det mogeleg for elevane å bruke uttrykksmidla til eiga formidling og skapande verksemd. Utgangspunkt og sentrum for opplæringa må vere *mennesket*. Som lærar kan ein gjennom gode samtalar rettleie eleven til å resonnerer og reflektere over eigne handlingar, erfaringar, uttrykksmåtar og kunstopplevingar og også korrigerer eigne handlingar.

Av og til vil elevar slutte i kulturskolen. Å forstå tenkjemåten til eleven blir viktig, prøve å forstå situasjonen han eller ho er i og dei mål og ønske eleven har. Det kan også finnast årsaker som eleven ikkje har herredømme over. Kanskje skal eleven rettleiast over på eit anna kunstfag. Det er viktig å ha ein god dialog med foreldre/føresette. I tillegg bør det vere eit tett samarbeid mellom kulturskolen og skolekorps/barne- og ungdomsorkester/lag/organisasjonar som eleven er ein del av. Saman bør ein lage sikringsnett for å fange opp elevar som er i ferd med å gi opp.

Fadderordning. Læringsmiljøet kan styrkjast gjennom godt organiserte fadderordningar der eldre elevar har ansvar og konkrete oppgåver overfor yngre elevar. Dette er utviklande for begge partar. Oppgåvene kan vere å øve/trene saman med elevane, vere ansvarleg for faggrupper, arrangere framføringar o.l.

Barn og unge med særlege behov. Kulturskolen skal kunne ta mot og leggje til rette undervisning for unge med særlege behov. Tilrettelegginga kan gjelde rettleiing i val av program og kunstfag, sosiale og pedagogiske løysingar. Barn med særlege behov kan trenge spesialpedagogar, kunst-/musikkterapeutar og anna fagpersonale som kan bidra til å leggje til rette undervisninga i samarbeid med kunstfaglærarane. Arbeid med kunstuttrykk har vist seg å vere til god hjelp for traumatiserte barn. Samarbeidet kan utviklast inn mot grunnopplæring, SFO, helsesøster, barnevern, flyktingteneste, sjukehus, psykolog og sosialetat. Foreldre/føresette er ein viktig samarbeidspart. Kulturskoleleiaren og kulturskoleeigaren har eit viktig ansvar.

Samarbeid med foreldre/føresette. Jf. 2.3.1. Foreldre og andre føresette er dei viktigaste samarbeidspartnarane for læraren. Eit godt tiltak kan vere å samle foreldre/føresette i starten av kulturskoleåret til informasjon om verdien av kunstoppplæring, rammeplan, årshjul, prosjektplanar, organiseringsmodellar og undervisningsplanar. Dei treng god informasjon om korleis dei best kan hjelpe barnet heime.

3.1.5. Kunnskap i kulturskolen

Eit vidt spekter av språk. Kunst- og kulturfaga representerer eit vidt spekter av språk. Desse fortel oss noko ved at dei vekkjer eit utal av tankar, assosiasjonar og idear. Når vi spelar, dansar, formar, skriv og dramatiserer, kommuniserer vi med kvarandre ved å lytte, førestelle oss, lese symbol og tolke teikn. I kunstoppplæringa ligg kunnskapen først og fremst i det elevane gjer, i å trene ferdigheiter, men også i teoriar og forklaringar, i erfaringar og refleksjonar.

Indre førestellingar er ein nøkkel til sjølvutvikling, og innsikta som blir uttrykt, er universell. Fordi kunst- og kulturuttrykk er skapt av eit menneske og formidla til eit anna, kan det ha sterke element av menneskekunnskap. Det rører ved grunnvilkår ved tilværet (jf. 1.2.) og gjer kunstfaga grunnleggjande i oppsedinga av barn og unge.

Kroppsdimensjonen i kunstoppplæringa. Opplæring i kunstfaga er i høg grad knytt til kroppen: kroppsbruk, kroppsleg medvit, kroppsleg minne, rytmikk, fysisk handtering av instrument, bruk av sanseapparat i heile kroppen. Å utforske rørsler, tyngdepunkt, balanse og styrke i kroppen er sentralt. Kropp og medvit står i eit nært forhold til kvarandre. Å *kunne* inneber at kunnskapen alt finst i den fysiske aktiviteten og i kroppsørslene. Medvit om kroppsbruk som er naturleg og som førebyggjer overbelastning, må få rikeleg plass i opplæringa.

Kunstnarisk kvalitet. Kulturskolen må forankrast tydeleg i kunstnariske mål. Kunstnarisk kvalitet vil kunne definerast ulikt frå kunstfag til kunstfag: kvalitet på den kunstnariske utføringa, kvalitet på formidlinga, kvalitet på den enkelte undervisningstimen, kvalitet på produksjonen og kvalitet på elevens eigen innsats (jf. 2.6.).

Eit viktig diskusjonstema for lærarar og leiarar er derfor kva føresetnader som må vere til stades i arbeidet mot kunstnarisk kvalitet. Lærarane ved kulturskolen skal ha både pedagogisk kompetanse og eit høgt kunstnarisk nivå (jf. 2.5.) I tillegg bør elevane oppleve samarbeid med profesjonelle kunstinstitusjonar og profesjonelle utøvarar utanfor kulturskolen. Slik kan dei tileigne seg normer for kvalitet.

Kunst- og kulturfaga er utstyrsfag, dvs. at ein føresetnad for å utøve faga på høgt nivå er knytt til velutstyrte undervisningsrom og god kvalitet på utstyr, salar, scener, instrument og verktøy. Dette blir utdjupa i dei enkelte fagplanane.

Gode arbeidsrutinar. Det er viktig å hjelpe elevane til å etablere formålstenlege og sjølvstendige måtar å øve eller trene på. Det inneber å kunne planleggje. Når? Kva? Korleis? Det inneber vidare hjelp til fysisk oppvarming, mental oppvarming, teknisk trening, innstudering, memoreringsarbeid, kartlegging av krevjande utfordringar, vurdering av eigen framgang og innsats. Dette kjem igjen som læringsmål i fagplanane.

3.1.6. Vurdering for læring

Alle elevar har behov for å få konkrete tilbakemeldingar som støttar personleg og fagleg utvikling. Dette er formålet med vurdering for læring. God rettleiing undervegs i prosessane er ein av dei viktigaste faktorane for god læring (Hattie 2014). Vurderinga kan vere individtilpassa eller gruppetilpassa. Det er viktig å gi informasjon om læringa og utviklinga i gruppa og hos den enkelte eleven til både elevar og foreldre/føresette. Foreldre/føresette bør oppfordrast til å ta del i utviklingssamtalane i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet.

Elevane må trenast i å reflektere og stille spørsmål – da kan undervisning og læring spele på lag. Vurdering som ledd i elevane si læring og utvikling bør vere eit vedvarande diskusjonstema i lærarkollegiet. Det må skapast ein gjennomtenkt tilbakemeldingskultur som byggjer på prinsipp om vurdering for læring.

Vurdere er å bedømme, klassifisere, overvege, å oppgi verdien eller kvaliteten på bakgrunn av ein kvalitetsstandard.

Vurdering som didaktisk fenomen. Følgjande spørsmål er sentrale: Kva, Korleis? Kvifor? Kven? Når? Kvar?

Vurdering som læring. Elevane blir trena i å vurdere seg sjølv (eigenvurdering) og å vurdere og gi tilbakemelding til kvarandre (elevrespons).

Summativ vurdering/vurdering av læring. Denne forma for vurdering blir gjort etter eit avslutta læringsforløp. Læraren gir informasjon om resultatet/produktet av læringa, eller lærarar og elevar oppsummerer dette saman. Vurderinga tar utgangspunkt i definerte kriterium og læringsmål.

Formativ vurdering/vurdering for læring. Eleven får rettleiande og læringsstøttande tilbakemeldingar undervegs i prosessen. Rettleiinga kan vere individ- eller grupperelatert. Læraren forklarar, viser, korrigerer. Vurdering for læring kan ha form som utviklingssamtalar med dialog og refleksjon som sentrale element og der ansvarleggjering og elevmedverknad er viktige aspekt.

Ulike vurderingsformer er konkretiserte i dei enkelte fagplanane.

Vurdering av undervisning. Formålet med denne typen vurdering er å drøfte i kva grad kulturskolen lykkast i å ta vare på måla for opplæringa. Ein styrkt vurderingskultur i personalet vil bidra til at profesjonen er i utvikling. Han er med på å styrke læraren si undervisning, bidrar til fagleg utvikling og gir inspirasjon samtidig som han kan initiere fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid i kulturskolen.

Kulturskolen bør ha rutinar for systematisk kollegaretleiing.



*Fremtiden er ikke noe man forutsetter,
men noe man skaper ... (Lennart Koskinen)*



3.2. Fagplan dans

3.2.1. Dans i kulturskolen

Dans i kulturskolen spring ut frå dans som kulturell og kunstnarisk aktivitet. Kulturskolen gir opplæring i ulike danseformer som ofte blir formidla til andre frå ei «scene», det kan vere i eit kulturhus, på ein skole, på ein togstasjon, i skogen eller via ein film.

Sentrale dansefag i kulturskolen er klassisk ballett, jazzdans, samtidsdans, tradisjonsdans og urbane dansestilar. Viktige handlingar i faget er å *utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere*. Kulturskolen bør ha ei målsetting om å byggje opp eit breitt dansetilbod og tilby undervisning innanfor både Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram. Tilboda bør ha tydeleg struktur, progresjon og læringsprofil slik at det er rom både for dei som vil danse berre litt og for dei som vil danse mykje og satse vidare.

I arbeidet med dans i kulturskolen vil prosessen vere like viktig som resultatet. Det er viktig med ein god meistringskultur der ein har tydelege mål og ambisjonar, men likevel legg vekt på medbestemming og eigarskap, samarbeid og det å gjere kvarandre gode. Dansefaget er ein viktig arena for sosiale møte, nære relasjonar og vennskap. For nokre elevar vil Fordjupingsprogrammet også kunne gi grunnlag for ei seinare profesjonsutdanning.

Kulturskolen må vere utviklingsorientert, innovativ og ein god samspelar for å kunne realisere potensialet sitt som lokalt ressurscenter, og dansen bør ha ei viktig rolle i denne samanhengen. Dans i kulturskolen kan bidra i tverrfagleg samarbeid med barnehage, skole, kulturliv, lag og organisasjonar, idrett, dessutan med fagmiljø innanfor førebyggjande psykisk og fysisk helse.

Dansens verdi for menneske og samfunn

Dans er ein del av det å vere menneske. Hos barn er dans til stades som ein intuitiv uttrykksmåte heilt frå fødselen av. Det er viktig at denne medfødde evna til å uttrykkje seg med rørsler, blir stimulert vidare i oppveksten. Å oppleve, utøve og skape dans vil kunne gi eit positivt bidrag til den fysiske, emosjonelle, sosiale og intellektuelle utviklinga til eleven.

Dans kan stimulere til kreativitet, utfalding og meistring og bidra til ei positiv haldning til eigen kropp og til danning og identitetsutvikling.

Vidare kan dansen styrke viktige livskompetansar som mot, disiplin, tryggleik, tillit, samhandling og samarbeid. Ikkje minst kan dansen stimulere personleg danseglede og livsglede.

I lokalsamfunnet kan dans bidra til å skape kulturopplevingar og lokale møteplassar, feiringar og markeringar av lokal historie, kulturarv og kjensle av å høyre saman. Dansen kan bidra til å gi folk i lokalmiljøet kulturell kompetanse og auka livskvalitet, noko som er i tråd med den utvida oppgåva kulturskolen har som lokalt kulturelt ressurscenter.

Enkelt sagt er dans rørsle i tid og rom. Dansen har ein spesiell eigenverdi, og menneske har til alle tider uttrykt seg gjennom dans. Dansen er også bunden til kultur og knytt til person, stad og bruk. Han er eit kunstuttrykk som prøver å forstå, bearbeide og uttrykkje verkelegheita, han er eit ritual, han er ein del av sosialt samvær, og han er eit ledd i oppseding og danning.

Fortid, nåtid og framtid – eit dansefelt i rørsle

Dagens samfunn representerer eit stort mangfald når det gjeld kultur, etnisitet, kropp og tradisjon. Kulturskolen har derfor som kulturinstitusjon ansvar for å leggje til rette for danseopplæring som speglar dynamikken og utviklinga i samfunnet og der det skal vere rom for alle.

Samtidig skal kulturskolen ta vare på dansens historie og tradisjon. Dansen står slik i eit spenningsfelt mellom fortid, nåtid og framtid, mellom tradisjon og nyskaping. Ein dansar i dag skal kunne utøve og formidle, men også vere medskapande, nyskapande, reflekterande og samfunnsmedviten.

Dansaren er ikkje lenger berre eit objekt for koreografen eller publikum, men eit sjølvstendig subjekt med fridom og ansvar for det dynamiske fellesskapet. Dette må kulturskolen spegle.




3.2.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med dans skal elevane kunne

- mestre basisferdigheiter knytte til eigen kropp, nivå, sjanger og til dansefagets eigenart
- bruke dans som kommunikasjons- og uttrykksmiddel
- oppleve glede ved å mestre, skape og utøve og gjennom det få tiltru til egne evner og mogelegheiter til å uttrykkje seg
- utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i dans
- bli ressurspersonar som medverkar til eit levande kulturliv



3.2.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – dans som uttryksmiddel

Faghjulet viser moglegheiter og potensial i dansefaget.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar i faget: *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei "verktøykasse" som rommar dei aktivitetane som ein tar i bruk for å gjere dansen tilgjengeleg for elevane.

Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram nye kombinasjonar av handlingar og aktivitetar. Den nest innarste sirkelen viser grunnleggjande verdiar som kan utviklast gjennom danseopplæringa.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnadene, relasjonane i gruppa, publikummet. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar. Ulike situasjonskontekstar vil inspirere til ulike formidlingsformer og ulike dansestilar.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes er det naturleg at eit konkret innstuderingsarbeid vil bli sett i samanheng med den historiske konteksten som dansen har oppstått i. Eller når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også dei kulturelle aspekta dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå varierte sider ved danseopplæringa. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer danseundervisning.

3.2.4. Læringsmål

Nedanfor er ei framstilling av dei tre programma med læringsmål og forventningar til læraren. Læringsmåla er generelle på tvers av dei spesifikke dansefaga. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i kvart enkelt dansefag og tydeleggjer eigenart, delmål og fagleg progresjon relatert til alder og nivå på elevane. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og samhandling
- legg vekt på prosess og meistring
- skaper gode formidlingsopplevingar
- stimulerer kreativitet og danning gjennom å gi elevane moglegheit til å skape og oppleve
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål

Eleven

- opplever mangfaldet og gleda ved dansen
- samarbeider og tar aktivt del i eit sosialt fellesskap
- utforskar og skaper eigne små uttrykk
- har deltatt med enkle danseuttrykk på ein relevant visningsarena
- er del av eit levande kulturliv i lokalmiljøet og bidrar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Det er i dette programmet hovudverksemda til dansetilbodet bør liggje.

Programmet er for elevar som ønskjer å delta på eit fast undervisningstilbod i dans som imøtekjem ulike behov og ulike grader av motivasjon og ambisjon. Det kan vere både eit meir ope breiddetilbod og eit tilbod for elevar som er motiverte for å utvikle utøvande og skapande evner gjennom langsiktig og systematisk opplæring.

I dette programmet er det tilrådeleg å leggje til rette for eit mangfaldig tilbod av ulike dansefag, dessutan alders- og nivåinndeling. Avhengig av storleiken på skolen, kompetansen til læraren og talet på danseelevar kan det utviklast varierte timeplanar og gruppesamansettingar som imøtekjem ulike føresetnader hos elevane, motivasjon og ambisjonsnivå.

Forventningar til læraren

- legg til rette for systematisk trening i å utvikle fagspesifikke basisferdigheiter
- legg til rette for god fagleg progresjon og kontinuitet frå nybegynnar, litt øvd, øvd og til vidarekomen
- utfordrar elevane til personlege uttrykk og formidling
- legg til rette for kreative læringsprosessar der elevane skaper frå idé til produkt
- legg vekt på samhandling og fellesskap
- stimulerer indre motivasjon, engasjement og arbeidsdisiplin hos eleven
- legg vekt på eigenvurdering og refleksjon, bruker formativ vurdering aktivt

Læringsmål

Eleven

- har kunnskap om og meistrar fagspesifikke ferdigheiter relaterte til eigen kropp, nivå og eigenarten til dansefaget
- har kunnskap om og utøver danseuttrykk relaterte til dynamikk, musikk, rom og arenaer, aleine og i ulike grupper
- har kunnskap om enkle koreografiske prinsipp og har deltatt i skapande prosessar frå idé til produkt
- har kjennskap til mangfaldet i dansen og den rolla dansen har i samfunnet og tar del i samtalar om dans
- reflekterer over eiga læring og utvikling
- viser respekt for normer og verdiar i dansekulturen, er førebudd, positiv og motivert i dansetreninga og viser god treningskultur

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men skal vere styrkt med omsyn til innhald og omfang, vurdering og oppfølging.

Forventningar til læraren

- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt fagleg og kunstnarisk nivå
- gir tilpassa opplæring til kvar enkelt elev
- legg til rette for kunstnariske prosessar og utvikling av kunstnarisk medvit
- legg til rette for omfattande erfaring med visningar og førestellingar på ulike arenaer
- stimulerer til sjølvstende, disiplin og struktur
- bruker tilbakemelding og vurdering aktivt
- legg til rette for at elevane blir gode forbilde for andre danseelevar

Læringsmål

Eleven

- integrerer fagspesifikke ferdigheiter og bruker dette i dansen
- viser innsikt i eiga danseteknisk og kunstnarisk utvikling og utøver dans med personleg uttrykk og nærvær i små og større produksjonar
- har kunnskap om kunstnariske prosessar, koreografiske prinsipp og verkemiddel, utforskar og utviklar eigne komposisjonar og koreografiar
- har kunnskap om dansen som eit kunstnarisk, sosialt, historisk og kulturelt uttrykk
- har kunnskap om treningslære og ernæring, planlegg og strukturerer eigen treningskvardag
- tar aktivt del i refleksjon, respons og vurdering

3.2.5. Innhald

Innhald handlar om undervisningas kva, knytt opp mot lærestoff, ulike dansefag, dansesjangrar, dansestilar og uttrykksformer. Dei ulike dansefaga har kvar sin eigenart, teknikk og estetikk.

Dei sentrale dansefaga i kulturskolen er:

- klassisk ballett
- jazzdans
- samtidsdans
- tradisjonsdans
- urbane dansestilar

Dansetilbodet i kulturskolen kan også omfatte supplerande og relevante dansefag. Desse kan vere integrerte i dansefaga som er omtala ovanfor eller stå som egne tilbod på timeplanen.

Døme kan vere: barnedans og danseleik, kreativ dans, musikaldans, stepp, styrke og stretch, nysirkus, dansemiks og/eller akrobatikk. Her må den enkelte kulturskolen utnytte lokal kompetanse.

Den yttarste sirkelen i faghjulet

Den yttarste sirkelen i faghjulet med handlingane *utøve*, *formidle*, *skape*, *oppleve* og *reflektere* bør vere eit sentralt innhald og perspektiv i alle dansefag og gi idear og føringar for å leggje til rette danseopplæringa.

Utøve

Å trene på å utøve er det mest grunnleggjande i ein dansetime, og mykje tid må setjast av til dette arbeidet. Kroppen er instrumentet til dansen, og gjennom denne uttrykkjer eleven seg. Eleven må lære å automatisere og integrere danseteknikk, vere til stades i augneblinken og gå inn i eit danseuttrykk med heile seg.

Å utøve handlar i første omgang om å vise og framføre enkle rørsler og rørsleprinsipp med eigen kropp. Vekta må liggje på å vidareutvikle det fysiske potensialet i kroppen og gjennom dette skape friedom og tryggleik i den sceniske formidlinga.


Formidle

Dans som kunstform handlar om å uttrykkje seg gjennom kroppen. For å lykkast i dette må eleven få møte kombinasjonar av ulike stilar og stemningar og vidare sikte mot å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan. Gjennom små, interne visningar og større førestellingar kan ein leggje til rette for varierte formidlingserfaringar, repertoar og uttrykk som speglar mangfaldet og breidda i dansen.

Skape

Å skape er ein viktig del av danseopplæringa. Eleven skal ta del i ein kunstnarisk prosess frå idé til produkt og få erfaring med dei ulike fasane i ein kreativ prosess (sjå modellen nedanfor).

Frå idé og konseptualisering, via utforsking og utvikling av materiale for rørsler gjennom improvisasjon og komposisjon. Vidare til koreografi- og formgivingsfasen der heilskapen blir sydd saman med dramaturgi, kostyme og kanskje sceniske verkemiddel, til fasen med ferdigstilling der ein øver og terpar, og til slutt sjølve visninga og vurdering i etterkant.



Fasar i ein kreativ prosess.

Opplive

Som danseelev er det viktig å få oppleve dans som ei uttrykksform med ein bodskap som kan finne gjenklang hos andre. Dette inneber at eleven også skal lære «om» dans.

Dette handlar om danningspotensialet i faget, det å kunne setje dansen inn i eit historisk, kulturelt, sosialt og estetisk perspektiv. Det kan vere gjennom at læraren fortel og viser døme ved bruk av tekst, bilete og/eller film, eller gjennom at elevane blir tatt med på profesjonelle førestellingar eller møter gjestelærarar med arbeidsseminar frå dagsaktuelle førestellingar.

Læraren har ansvaret for å utvide perspektivet på dans til dans som kulturelt og kunstnarisk uttrykk og stimulere eleven til ei utvida interesse for dans ut over eiga utøving. Å oppleve må koplust til neste dimensjon ved faget: Å reflektere.

Reflektere

Vi lærer gjennom å kople saman teori og praksis, gjennom å reflektere over meining, over handlingane våre og knyte ny erfaring og kunnskap saman med erfaringar og kunnskap vi alt har. Det er viktig å bruke refleksjon som eit læringsverktøy og integrere refleksjon med dei utøvande og skapande dimensjonane i faget. Eleven skal få eigarskap til eigen læringsprosess gjennom refleksjon, kritisk tenking, verbalisering og gjennom å sjå dansefaget i ei samfunnsmessig ramme. Refleksjon inneber også å beskrive, fortolke og vurdere danseuttrykk.

Samtalane om dans vil også bidra til den faglege utviklinga hos eleven.

3.2.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas korleis, kva metodar og læringsaktivitetar som blir brukte. Generelt blir ulike arbeidsformer nytta i danseopplæring:

- lærarstyrt undervisning
- produksjons- og førestellingsarbeid
- rettleiing og vurdering
- elevmedverknad og sjølvstendig arbeid
- samarbeid
- utforsking og skapande arbeid
- prosjektarbeid og tverrfagleg arbeid

Variasjon er ein nøkkel til læring. Det føreset at læraren har eit breitt spekter av metodar og arbeidsformer for å leggje til rette læring i ulike kontekstar, med ulike elevar og elevgrupper.

Sentrale stikkord vil ein elles finne i faghjulet, den mellomste sirkelen. Her finn ein «verktøykasse» for tilrettelegging av læring og utvikling.

Ein ventar at elevane trenar på eiga hand utanom undervisningstimane. Prosjektperiodar, arbeidsseminar, helgekurs og sommarkurs kan vere supplerande tilbod i danseopplæringa.

Organisering

Dansetilbodet i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet blir gjerne organisert som «klassar» som møtest kvar veke og går over eit heilt semester eller skoleår, der elevane dansar saman med ei fast gruppe og ein fast lærar. I programma blir det ofte integrert ein vurderingsklasse/open klasse og små og store visningar/førestellingar der elevane får vist fram resultata sine.

Opplæringa bør gå føre seg kvar veke, med aldersinndelt og/eller nivåinndelt undervisning i grupper. Kor lenge danseklassen bør vare, er avhengig av eigenarten til dansefaget, talet på elevar, alder og ferdigheitsnivå.

Storleiken på gruppene bør ta omsyn til elevane sine føresetnader, alder, eigenarten til dansefaget og storleiken på rommet.

På kulturskolar der dansefaget har mange elevar som er organiserte i større grupper, bør det setjast av nok ressursar til administrasjon og leiing som er direkte knytt til dansefag. Denne ressursen kan mellom anna nyttast til timeplanarbeid, opptak, oppfølging av enkeltelevar, fagleg utviklingsarbeid, informasjonsarbeid, visjon og strategi, produksjon og gjennomføring av førestellingar.

Å undervise fysiske fag i store grupper er krevjande, og dansepedagogen må sjølv utvikle materiale, øvingar og koreografi. Ein bør ta omsyn til dette når arbeidsplanen for læraren blir lagt, og arbeidstidsavtalane for dansepedagogar bør følgje tilrådingar frå relevante fagforbund og lokale avtalar.

Samarbeid med andre aktørar

Dans bør koplast saman med andre kunst- og kulturuttrykk i kulturskolen. Dette vil kunne stimulere kjensla eleven har av å høyre til i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Eksterne samarbeidspartnarar kan vere Den kulturelle skolesekken og skoleverket, kulturlivet, idretten, dessutan etatar for psykisk og fysisk helse. Dansefaget i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmønstringar.

Kulturskolen må vere utviklingsorientert og vere ein god samspejar for å kunne realisere potensialet som lokalt ressurscenter, og dansen bør ha ei viktig rolle i denne samanhengen.



3.2.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar progresjon og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at vurderinga skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og faglege utviklinga til eleven. Mykje av vurderingsarbeidet skjer uformelt i den daglege klassesituasjonen i samtale mellom lærar og elev. I dans kan vurdering for læring gå føre seg i gruppe eller individuelt. Vurdering for læring er viktig, men samtidig ressurskrevjande, noko det bør bli tatt omsyn til når midlar skal fordelast. Det er også viktig å utvikle gode formelle vurderingsrutinar og informere både elevar og foreldre/føresette om læringa og utviklinga både i gruppa og hos den enkelte eleven.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
 - får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
 - får råd om korleis dei kan bli betre
 - er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling
- (udir.no, 2014)

Følgjande vurderingsformer bør integrerast i opplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kva omfang:

Læringsmåla er viktige kriterium for å vurdere utviklinga til eleven. Elevane må forstå kva dei skal lære og kva som blir venta av dei. Når alderen tilseier det, kan læringsmåla vere eit naturleg utgangspunkt for at elevane blir meir medvitne om læring i faget. Dette kan innebere å setje seg eigne delmål.

Læringsstøttande tilbakemeldingar. Læraren gir konkrete tilbakemeldingar med presise og konstruktive råd til elevane undervegs i prosessen. Dette er formativ vurdering og kjernen i læraren si rettleiing.

Dialog om fagleg kvalitet. Læraren har dialog med elevane om kva som er fagleg kvalitet og styrker gjennom dette medvit om korleis dette kan oppnåast.

Eleven vurderer seg sjølv. Eleven blir sett i stand til å vurdere kvaliteten på eige arbeid, ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber både å vite kva ein kan og medvit om det ein strevar med.

Elevrespons. Elevane gir kvarandre konkrete tilbakemeldingar (kameratvurdering). Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og kyrereglar for slike tilbakemeldingar.

Gruppevurdering. Læraren legg til rette for gruppevurdering som stimulerer til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Loggbok. Loggføring kan vere eit godt verktøy for å auke medvitet til eleven omkring eiga læring og utvikling.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå på eleven mellom elev, lærar og eventuelt foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Tema som kan takast opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

3.2.8. Lokale og utstyr

Lokale

Det fysiske danserommet og scenetilhøva må leggjast til rette med omsyn til den eigenarten dansen har og ut frå kva behov dansen fører med seg. Dette inneber mellom anna:

- Dansesalen bør ha god storleik, takhøgde, lysforhold og ventilasjon, dessutan pauseplass og garderobe med tilgjengeleg dusj.
- Golvet i eit dansestudio er arbeidsflata for dansaren og pedagogen. Det bør vere tilpassa rørsleane i dansen for å unngå belastningar og skadar. Overflata bør vere jamn med dansematter eller i tre/parkett.
- Barrar langs vegg eller flyttbare barrar dersom det blir undervist i dansefag som krev dette.
- Høvelege lager/rom for oppbevaring av kostyme, rekvisittar og treningsutstyr.
- Lærarane bør ha eigen garderobe, dessutan ha tilgang til kontor/arbeidsrom.

Visningsarenaer

Visningsarenaer for dans er svært viktig og alle elevar, uansett nivå eller alder, bør kvart skoleår framføre dans for eit publikum. Arenaene kan vere alt frå små visningar i lokale på skolen eller visningar site specific i uterom, til store oppsettingar i kulturhus, teater, samfunnshus eller idrettshaller.

Ein større danseproduksjon krev god planlegging på førehand, ryddige produksjonsplanar med tydelege ansvarsområde og mellom anna oversikt over kostyme, koreografirekkefølge, backstageområdet, lys og lyd.

Å kunne framføre dans på ei scene er ein viktig del av læringa og den kunstnariske utviklinga til elevane. Ein bør ta omsyn til dette i form av personalressursar og ressursar til koreografi og produksjonsmiddel (lokale, lys, lyd, kostyme, scenografi, PR).

Utstyr

Det er viktig at undervisninga blir lagt til rette med relevant materiell. Dette kan vere:

- Musikkavspelingsutstyr som er lett tilgjengeleg og tilpassa storleiken på rommet for å sikre god kvalitet på lyd.
- Nødvendig treningsutstyr som tøyematter, strikkar, balanseballar, brett, puter, skjelett- og muskelplansjar, dessutan stokkar relaterte til dei ulike dansefaga sin eigenart og behov.
- Førstehjelpsutstyr som er tilpassa dansetreninga sine behov.
- Tilgjengeleg datautstyr og programvare for lyd-, bilde- og filmredigering.
- Dansebibliotek med bøker, bilde og film (fysiske og/eller digitale).



3.3. Fagplan musikk

3.3.1 Musikk i kulturskolen

Kjernen i musikkopplæringa i kulturskolen er instrumental-/vokalopplæringa, samspelsaktivitetane og konsertane, basert på langsiktig motorisk, teknisk og uttrykksmessig trening, og i eit vidt sjangerspenn.

Det utøvande musikkfaget har solide metodiske tradisjonar for opplæring i ulike stryke- og blåseinstrument, tangentinstrument og song, strengeinstrument, folkemusikkinstrument og bandinstrument, og ei høgt kvalifisert yrkesgruppe i lærarane. Slik blir musikktilbodet ein viktig underskog både for høgare musikkutdanning, for lokalt/regionalt musikkliv og for profesjonell musikkutøving.

Musikktilbodet skal sørge for at alle elevane får utnytta potensialet sitt så langt det er mogeleg. Tilbodet skal fange opp dei elevane som viser særskilte føresetnader og som vil inn på ei profesjonsutdanning seinare.

Læringsssynet tilseier at alle unge har eit ibuande potensial for song og spel; opplæringa er talentutvikling frå første stund. Viktige handlingar er å *utøve, formidle, lytte, reflektere* og *skape*.

Eit formål med musikkfaget er å gjere elevane til aktive og medverkande deltakarar i sine eigne læringsprosessar.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman gi elevane tilgang til det breie og fordjupande spekteret ved musikkfaget.

Musikkopplæringa og kulturlivet

Musikklærarar ved kulturskolen, korps i lokalmiljøet, orkester, band, spelemannslag og kor har stor gjensidig interesse av å samarbeide om elevane si utvikling, meistring, motivasjon og behov. Medan kulturskolen bidrar med lærarkompetanse, bidrar ensembla med viktig samspelstrening og leiarskap. Det er viktig at elevane opplever ein heilskapleg opplæringsarena der instrumentalopplæring, øving, ensemblespel og formidling – på tvers av aldersgrupper – er eit heilskapleg felt. Det bør derfor etablerast eit tett samarbeid med leiarar og styre i organiserte samspelsensemble i lokalmiljøet. Dette kan skje gjennom gode samhandlingsmodellar og felles tiltak for kompetanseutvikling.

Musikk i nåtid og framtid

Musikkelevane skal vere musikkutøvarar, musikkpedagogar, musikkskaparar og publikummarar i framtida. Musikkopplæringa byr på gode vilkår for denne utfoldinga ved å gi elevane kunnskapar og erfaringar som dei kan ha glede av gjennom heile livsløpet.

Musikkutøving er, i tillegg til at ho har sin kunstnariske eigenverdi, ei kjelde til meistring, sjølvinnstikk, sjølvuttrykk, erkjenning, undring, oppdaging og samhandling.

Dei unge kjem til å leve i eit samfunn som blir meir og meir globalisert. Musikkopplæringa ved kulturskolen må bidra til å utvikle ein kompetanse som gjer det mogeleg for dei å bli førebudde til dette, bli medvitne om verdiar og ansvar, utvikle personlege uttrykk og innlevingsevne. Ensembla blir ein arena der desse eigenskapane kan bli realiserte. Elevane lærer å møte merksemd som er retta mot individet, forventningspress, krav om «iscenesetjing» av seg sjølv. Her blir solospel og lagspel sameina, likeverdige musikarar lyttar til kvarandre, resultatet er avhengig av alle.

I dag er forståinga av kultur og samfunn påverka av inntrykk frå heile verda. Uttrykk, innhald og formidlingsformer er prega av stort mangfald når det gjeld musikksgangrar, etnisitet og tradisjon. Dette opnar for ei ny forståing av kva musikk kan vere som kulturell møteplass og som kunstnarisk uttrykk. Musikkopplæringa står i eit spenningsfelt mellom fortid, nåtid og framtid. Ho skal spegle mangfaldet og dynamikken i samfunnet, samtidig skal ho ta vare på historie og tradisjonar.

Ei moderne forståing av det utøvande feltet tilseier eit musikkollegium som representerer både ein klassisk, tolkingsbasert musikktradisjon og ein munnleg, gehørbasert tradisjon og som deler, utvekslar og tar med det beste frå begge tradisjonane. Der det finst lærarkompetanse, bør ein leggje ekstra vekt på undervisningstilbod som er knytte til instrument der rekrutteringa er mangelfull. Ein solid underskog er viktig for utdanningskjeda.

Når dei unge får ta del i fleirkulturelle uttrykk og ta instrumentet sitt med inn i nye kombinasjonar av musikk, visuelle uttrykk, tekst og rørsleuttrykk, vil det kunne styrke kulturforståing og yringsfridom.


3.3.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- oppnå gode ferdigheiter på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- oppleve meistringsglede og positiv sjølvutvikling
- utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet gjennom
- bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- utvikle evna til samspel og samarbeid
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande kulturliv



3.3.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – musikk som uttryksmiddel

Faghjulet viser musikk som uttryksmiddel.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar: *utøve, formidle, lytte, reflektere* og *skape*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» med aktivitetar ein tar i bruk for å gjere musikken tilgjengeleg for elevane.

Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram mindre opplagde kombinasjonar av handlingar og aktivitetar. Den nest innarste sirkelen viser allmenndannande kvalitetar ein kan oppnå gjennom musikkopplæring.

Musikkhjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnadene, relasjonane i gruppa, konsertpublikummet. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar. Ulike situasjonar vil inspirere til ulike formidlingsformer og ulike musikkval.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes vil eit konkret innstuderingsarbeid naturleg bli sett i samanheng med den historiske konteksten som musikken har oppstått i. Eller når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også dei kulturelle aspekta dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved musikkopplæringa. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisning.

3.3.4. Læringsmål og utviklingsfasar

Nedanfor blir dei tre programma presenterte med læringsmål, nøkkelkompetansar og forventningar til læraren.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av samhandling, oppleving og aktivisering
- legg vekt på prosess og meistring
- legg til rette for læring av basisferdigheiter og musikalske grunnelement
- trenar elevane sine evner til merksemd og nærvær
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål

Eleven

- meistrar utøvande basisferdigheiter
- tar aktivt del i samspel og sosialt fellesskap
- lærer gjennom leik, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- kjenner grunnleggjande musikkfaglege omgrep
- har trening i å formidle musikk på ein relevant arena
- er del av eit levande kulturliv i lokalmiljøet og bidrar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Der det finst lærarkompetanse, bør programmet styrke undervisningstilbod på instrument der rekrutteringa er mangelfull, som orgel, visse folkemusikk- og orkesterinstrument. Ein solid underskog er viktig for utdanningskjeda.

Fire fasar. Opplæringa kan delast inn i fire fasar.

- Fase 1: Begynnarnivå
- Fase 2: Mellomnivå
- Fase 3: Høgare mellomnivå
- Fase 4: Vidarekome nivå

Éin og same elev kan vere på ulike nivå når det gjeld musikkforståing, teknikk, notelesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

Det vil vere behov for lokale læreplanar som konkretiserer læringsmåla i delmål og fagleg progresjon for ulike instrumentgrupper.

Det er viktig at læraren gjer seg kjent med den totale situasjonen til eleven. Å kjenne til den samspelstreninga som elevar får utanom kulturskolen, vil kunne ha konsekvensar for planlegginga til læraren og for vektlegginga av ulike emne for ulike elevar. Det gir læraren innsikt i den samla arbeidsmengda til eleven og gjer det mogeleg å koordinere fritidsaktivitetar.

Nøkkelpetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelpetansar: *øve, framføre, høyre, lese, lage*. Dei representerer eit langsiktig læringssyn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

Lese

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikksjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i lyddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

Fase 1: Begynnarnivå

Forventningar til læraren

- set samspel og musikkoppleving i sentrum
- gjer eleven fortruleg med instrumentet og moglegheiter som ligg i instrumentet
- styrker eleven si evne til å leggje merke til og iakttå
- legg grunnlaget for optimal teknisk utvikling
- gir nok rom for spontan uttrykks glede
- har tett samarbeid med foreldre/føresette

Læringsmål

Eleven

- imiterer, spelar/syng melodiar og rytmemønster på gehør
- lyttar til og vurderer eiga musisering
- stemmer instrumentet og intonerer
- finn grunnpulsen i musikken
- les notar ved å syngje melodiar på notenamn, trinn eller sol-fa og dirigere grunnslaga
- les notar ved å samanlikne og finne likskapar i notebildet
- spelar enkle melodiar prima vista
- komponerer vidare på melodiar der starten er oppgitt
- komponerer, dirigerer og noterer eigne melodiar
- improviserer med utgangspunkt i tonar, historier, stemningar, stikkord
- hentar informasjon frå tittel, komponist, tempo, taktart, toneart, dynamiske teikn og musikkuttrykk i innstuderingsarbeidet
- gjer greie for kva som kjenneteiknar ei god spelestilling og tekniske basisferdigheiter
- øver jamnt og samarbeider med læraren og foreldre/føresette om gode øvingsrutinar
- spelar/syng musikk i ulike fora

Fase 2: Mellomnivå

Forventningar til læraren

- set speleglede og energi i sentrum
- legg til rette for varierte samspels erfaringar
- styrker grunnleggjande tekniske ferdigheiter
- har fokus på kroppsmedvit
- knyter gehørarbeid og teori til det utøvande arbeidet
- gir eleven sine komposisjonar og improvisasjonar ein sentral plass
- styrker leseferdigheiter forankra i elementær musikkteori, bakgrunnskunnskap/historikk
- utviklar openheit for ulike musikalske sjangrar

Læringsmål

Eleven

- imiterer musikalsk form og uttrykk
- improviserer med utgangspunkt i ulike skalaer og akkordrekker
- lyttar aktivt til eige spel og medelevar i samspel
- bruker treklangar, skalaer og intervall som notelesingsverktøy
- spelar enkle stykke prima vista
- les, tolkar og gjer bruk av musikkteori og bakgrunnshistorikk i innstuderingsprosessen

- komponerer egne melodiar for instrumentet sitt
- komponerer musikk ved hjelp av enkel musikkteknologi
- improviserer med utgangspunkt i akkordrekker
- dokumenterer grunnleggjande tekniske kunnskapar på instrumentet
- øver variert og løysingsorientert og viser evne til å halde ut
- spelar konsertar på ulike publikumsarenaer
- set saman konsertprogram i samarbeid med læraren og medelevar

Fase 3: Øvre mellomnivå

Forventningar til læraren

- set musikalsk kommunikasjon og uttrykk i sentrum
- vidareutviklar tekniske ferdigheiter
- har fokus på kroppsmedvit
- knyter gehørarbeid og teori til det utøvande arbeidet
- gir kreative prosessar som improvisasjon/komposisjon/arrangering sentral plass
- legg til rette for samspel og produksjon av konsertar/førestellingar
- legg til rette for kunstoplevingar som utfordrar og repertoar som viser mangfald og moglegheiter

Læringsmål

Eleven

- memorerer og gjengir samansette musikalske forløp
- vurderer eige spel
- improviserer med utgangspunkt i ulike improvisasjonsteknikkar og tradisjonar
- lyttar til og reflekterer over mange typar musikk
- les grafiske og andre notasjonsformer
- les kroppsspråk og rørsler
- lagar musikkvideoar og gjer musikkinnspelinger
- vidareutviklar eit eksisterande musikalsk materiale og komponerer aleine eller i samarbeid med andre
- planlegg konsertprosjekt saman med læraren
- utøver funksjonell instrumental-/vokalteknikk
- forstår enkel anatomi og drar nytte av kunnskap om spenningar og feilbelastning
- bruker opptak av eige spel som øvingsmetode
- planlegg øving saman med læraren
- framfører og tolkar eit allsidig repertoar basert på sjanger- og stilforståing
- samarbeider med andre om produksjonar der ulike kunstuttrykk blir integrerte
- spelar konsertar med formidlingsvilje

Fase 4: Vidarekome nivå

Forventningar til læraren

- legg vekt på instrumentalteknisk ferdigheit og forståing på høgt nivå
- legg til rette for deltaking på arenaer for kunstnarisk og instrumentfagleg samarbeid på tvers
- førebur eleven til opptaksprøver og prøvespel
- stimulerer eleven til å leie seg sjølv, til gode arbeids- og øvingsrutinar

Læringsmål

Eleven

- imiterer og transponerer melodiar ved hjelp av auditive analysemetodar og «hugseknaggar»
- gjer auditive analysar av form og innhald i musikkstykke
- innstuderer og framfører musikk med integritet
- analyserer og beskriv musikk med eit godt omgrepsapparat
- drar nytte av brei informasjon frå eit notebilete
- improviserer i ulike stilartar
- tilpassar arrangement, komponerer og arrangerer musikk for relevante samansettingar
- lagar langsiktige øvingsplanar og arbeider kontinuerleg med å optimalisere øvingsmåtar
- nyttar mentale innstuderingsteknikkar i øvingsarbeidet
- instruerer og øver med små ensemble
- spelar solokonsertar
- leier planlegging, gjennomføring og presentasjon av konsertar

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang.

Forventningar til læraren

- legg til rette for utvikling på høgt fagleg og kunstnarisk nivå
- stimulerer til sjølvstende, disiplin og struktur
- ser potensial, inspirerer og gir impulsar
- stimulerer det kunstnariske medvitet til eleven
- har målsetting om å medverke til å skape heile menneske
- fremmer medvit om ambisjonar hos eleven
- legg til rette for omfattande samspel og konserterfaring
- vurderer både prosess og produkt saman med eleven
- legg vekt på god og sunn kroppsphysiologi
- legg vekt på eit godt samarbeid mellom heim – kulturskole – lærar – elev

Læringsmål

Eleven

- har instrumentaltekniske ferdigheiter på høgt nivå
- kan innstudere og framføre musikk med integritet og personleg uttrykk
- har eit stort og variert repertoar for instrumentet sitt
- har eit godt utvikla gehør
- knyter teorikunnskapar til det utøvande arbeidet
- bruker god musikkfagleg terminologi

- har omfattande konserttrening
- har brei erfaring med ensemblespel og konsertproduksjonar
- meistrar relevante komposisjonsprinsipp
- tar i bruk ulike oppvarmings-, avspennings- og konsentrasjonsteknikkar
- har etablert gode øvings- og innstuderingsstrategiar og reflekterer over eiga utvikling på instrumentet
- er eit godt forbilde for andre elevar
- er førebudd til opptaksprøver og vidare musikkstudium

Rammer

Fordjupingsprogrammet i musikk blir planlagt som eit løp med fagleg progresjon. Kunstnariske og pedagogiske omsyn må leggjast til grunn.

I tillegg til styrkt instrumentaltime bør programmet ha ensembletrening, teori-/gehørandervisning og obligatorisk konserttrening. Ein må rekne med ressursar og tid til konsertførebuingar, akkompagnatør, lydprøver og informasjonsarbeid.



3.3.5. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas kva, om lærestoff, emneområde og repertoar.

Innhaldet i musikkopplæringa omfattar ulike område: instrumental-/vokalopplæring, ensemblespel, lytting, gehørtrening, komponering, musikkteori, musikkhistorie, øving og kroppsbruk, instrumentkunnskap, konsertar. Innhaldskomponentane bør, så langt det er mogeleg, integrerast med kvarandre i opplæringa.

Instrumental-/vokalopplæring er grunnmuren og bør vere eit tilbod i dei instrumenta der det er tilgang til lærarar med høg utøvande og pedagogisk kompetanse. Å utøve musikk er det mest grunnleggjande i musikkopplæringa, og mykje tid må setjast av til dette. Det er viktig at eleven får høve til å oppleve musikk som ei uttrykksform som i høg grad har evne til å gjere inntrykk på andre.

Nøkkelpetansar – emne

Desse må sjåast i samanheng med læringsmål og utviklingsfasar, del 4.

Øve

- Kroppsmedvit, spelestilling og basistrening
- Teknikkarbeid
- Innstuderingsmetodikk
- Mental trening
- Øvingsstrategiar
- Evne til å leie seg sjølv
- Samspelsøving og gruppeleing

Framføre

- Kommunikasjon
- Prestasjonsmeistring
- Konsertproduksjon
- Repertoararbeid
- Innspelingar og musikkvideoar
- Samarbeid og samspel

Høyre

- Assosierande og reflekterande lytting
- Auditiv analyse
- Imitasjon og transkripsjon
- Gehørspel
- Improvisasjon
- Transponering
- Samspel
- Intonasjon og stemming av instrument

Lese

- Notasjon og notelesing
- Melodisk/harmonisk/rytmisk
- Absolutte og relative lesemetodar
- Innstuderingsteknikkar
- Analyse
- Musikkhistorie
- Musikkteori
- Sjanger- og stilkjensle
- Repertoarkunnskap

Lage

- Improvisasjon
- Komponering
- Arrangering
- Forming

Ensemblespel er ein viktig del av instrumental-/vokalopplæringa i alle fasar.

Større fellesensemble kan samle elevar frå alle program og elevar med opplæring i andre kunstfag. Dette kan gi tilgang til viktige sosiale erfaringar, felles musikkopplevingar, skape gode relasjonar og medverke til integrering av minoritetsspråklege elevar.

Konsertdeltaking står sentralt i all musikkverksemd og er derfor viktig frå første undervisningsår.

Historie og kulturarv i lokalmiljøet bør brukast som kjelde til prosjekt og multimodale produksjonar/tidsreiser der elevar frå musikk, skapande skrivning, dans, teater og visuell kunst skaper og framfører i fellesskap.

Spesialiseringskurs kan inngå som tillegg for elevar i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet, eksempelvis komponeringsverkstad, kurs i lys/lyd, lyttefordjuping, teorikurs, låtskrivekurs, folkemusikk- og folkedanskurs m.m.

Ein del av dannelsingsinnhaldet i faget er å kunne sjå musikken i lys av historiske, kulturelle, sosiale og estetiske perspektiv. Elevane må stimulerast til refleksjon, kritisk tenking, til å stille spørsmål, til å verbalisere og til å sjå den verdien musikken har for mennesket.

Stoffval er ei sentral didaktisk oppgåve i instrumental-/vokalopplæring. Generelt bør ein velje stoff som:

- stimulerer det kjenslemessige engasjementet hos eleven
- har kunstnarisk kvalitet
- styrker teknikkarbeidet
- har struktur/progresjon og er tilpassa utviklingsfasane
- utviklar medvit om klang og toneart, formforståing, harmonisk, melodisk og rytmisk medvit
- høver til samspel

3.3.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas korleis, om metodar og læringsaktivitetar.

Det er ein føresetnad at læraren har eit breitt spekter av metodar for arbeid med innlæring, teknikk, rytme, klang, uttrykksevne, gehør, heilskap og del, improvisasjon, musikalsk forståing og utanåtlæring. Ein tilrår at lærarteamet utviklar gode metodar for korleis teori kan knytast til utøvinga på instrumentet.

Det same gjeld song, rørsle, gehørspel, improvisasjon og bruk av hjelpeinstrument som kan styrke arbeidet med det repertoaret som eleven arbeider med. Variasjon er ein nøkkel til læring. Eiga øving må få stor vekt i opplæringa, med gode metodar og tilvisingar for eleven. Temaet bør setjast på dagsordenen for utprøving og utviklingsarbeid i musikkseksjonen.

Eleven si arbeidsbok. Her kan eleven leggje øvingsplanar, reflektere over resultat og prosessar, gjere lytteoppgåver, løyse teorioppgåver, førebu spørsmål, klistre inn relevant stoff, samle repertoar. Arbeidsboka blir ein dokumentasjon på det eleven har gjort og på utvikling, og ho kan brukast i vurderinga.

Generelt vil følgjande arbeidsformer eksistere side om side i musikkopplæringa:

- lærarinstruksjon
- imitasjon
- elevmedverknad og sjølvstendig arbeid
- samspel i alle fasar av opplæringa
- undersøkjande og eksperimenterande former
- leikbaserte metodar
- metodar for skapande arbeid og aktiv lytting
- meisterklassar
- konsertførebuing
- elevsamarbeid
- prosjektarbeid
- bruk av digitale verktøy

Felles refleksjon i lærarteamet om kva arbeidsformer som er relevante for ulike elevar/elevgrupper, bør vere ein vedvarande prosess.

Følgjande moment vil til saman opne for eit breitt tilfang av læringsaktivitetar:

- Faghjulet. Sentrale stikkord er presenterte i den nest yttarste sirkelen i faghjulet.
- Dei fem nøkkelkompetansane øve, framføre, høyre, lese, lage.
- Dei ulike organiseringsmodellane.

Metodiske tradisjonar. Instrumental-/vokalopplæring byggjer på ulike metodiske tradisjonar: Den notebaserte og tolkingsbaserte, som er mest i bruk i klassisk europeisk musikktradisjon, og den munnlege og imitasjonsbaserte, som er mest i bruk i folkemusikk, jazz, pop og rock. Arbeidsformene bør hente det beste frå begge tradisjonane.

Organisering

Fleksibel timeplan. Den enkelte skolen og læraren bør prøve ut ulike måtar å organisere undervisninga på som tar vare på læringsmiljøet og læringa og motivasjonen til den enkelte eleven. Det er viktig at eleven får nok tid til å arbeide med instrumentet i ulike læringsssituasjonar. *Variasjon og fleksibilitet* er sentrale stikkord.

Korps, orkester og kor er tradisjonsrike opplæringsarenaer for mange elevar i kulturskolen. Dei kulturelle fellesskapa har mykje å seie for elevane sin motivasjon, og kulturskolen har eit særskilt ansvar for å samarbeide med desse på lærar-/instruktør-/dirigentnivå slik at elevane opplever heilskap og samanheng. Repertoar, årshjul, konsertar, meisterskap, stemne og avslutningar bør koordinerast så langt det er mogeleg.

Ei fleksibel og nytenkjande organisering vil gi læraren eit allsidig arbeidsår. Ein føresetnad for dette er vilje og smidigheit hos både lærar, kollegaer, foreldre/føresette og skoleleiing når timeplanen blir lagt. Læraren vil trenge administrativ støtte til å leggje ein årsplan som varierer mellom ulike organiserings- og undervisningsformer.

Gruppeundervisning. Dette inneber at den undervisningstimen som er lagt til kvar veke, går føre seg i små grupper, avhengig av alder/nivå/innhald. Gruppeorganisering gir ein tidsressurs som gjer det mogeleg å ta i bruk ein metodikk der læraren kombinerer til dømes teknikkarbeid, samspel, teori, elevoppgåver og rytmetrening. Modellen høver særskilt godt for fase 1 og 2.

Klasseundervisning. I nokre tilfelle kan vokal-/instrumentalundervisning gå føre seg i større klassar. Høveleg innhald vil vere musikkteori, instrumentkunnskap og instrumentpleie, øvingsteknikkar, oppvarmingsøvingar, prestasjonsførebuing og kor av instrumentalistar (fløytekor, piano-orkester osv.).

Individuell undervisning. Dette er den tradisjonelle organiseringa av instrumentalopplæringa og går føre seg i eit bestemt rettleiingsmønster. Modellen vil vere aktuell alt frå fase 2 og bør få større plass til lenger eleven kjem i utvikling. I fase 4 og på Fordjupingsprogrammet vil individuell organisering vere hovudmodellen.

Utvida individuell undervisning. Eleven kjem 30 minuttar før undervisningstimen, får eige rom og får ei tilrettelagt oppgåve som skal løysast til undervisninga startar. Oppgåva blir gjennomgått og eleven får tilbakemelding. Modellen doblar den tida eleven får i kulturskolen.

Elevmedverknad. Elevar som i alder, modenheit og nivå har kome så langt at dei kan formidle kunnskapar og hjelpe andre, kan i korte delar av undervisningstimen få ansvar for å undervise medelevar. Læraren vil samtidig kunne gi individuell rettleiing til enkeltelevar.

Samspel. Samspel i kulturskolen går føre seg i ensemble og band med opp til omtrent ti elevar, eller i korps/orkester/storband/kor med enda fleire. Samspelstrening er viktig på alle nivå og for alle instrument.

Prosjektorganisering. Elevane tar del i planlegging og gjennomføring av ein konsert, innspeling, førestelling, film og liknande saman med læraren og andre. Elevane får innblikk i dei ulike fasane og den innsatsen som skal til for å få eit vellykka resultat.

Fleirlærarsystem. På årsbasis eller i periodar kan to eller fleire lærarar samarbeide om dei same elevane. Lærarane sin kompetanse vil utfylle kvarandre, modellen gir eit styrkt arbeids- og læringsmiljø.

Verkstad. Elevgruppa arbeider i arbeidsseminar med emne som er knytte til opplæringa. Det kan til dømes vere samisk musikkverkstad, rytmeverkstad, arbeidsseminar med besøk av komponist osv.

Meisterklasse. Éin elev får undervisning medan andre høyrer på. Elevane som er publikum, kan delta med spørsmål/kommentarar. Når læringsmiljøet er prega av tryggleik og ei positiv og støttande haldning, kan meisterklasse passast inn på alle nivå.

Overlappande undervisning. Eleven møter i god tid og deltar på avslutninga av timen før, eller blir igjen etter eigen undervisningstime og deltar i starten av timen etter.

Innhaldet i dei overlappande delane av timane kan vere oppvarming, gjennomspeling av nytt repertoar for dei yngste/prima vista for dei eldste, kammermusikk og anna. Dei eldste elevane lærer å ta ansvar for dei yngre, dei fungerer som forbilde og «lærarar». For dei yngste er det inspirerende å spele saman med eldre elevar. Ei slik organisering kan praktiserast i periodar av året eller som ei meir permanent ordning.

Samarbeid med andre aktørar. Musikktilbodet bør kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Dette vil kunne stimulere kjensla eleven har av å høyre heime i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Musikkopplæringa kan også knytast til den kulturelle skolesekken, det frivillige musikklivet, profesjonelle musikkinstusjonar, dei fleirkulturelle miljøa, etatar for førebyggjande fysisk og psykisk helse og forskingsnettverk der det er mogeleg. Musikkseksjonen i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmonstringar.

3.3.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar progresjon og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at ho skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og kunstnariske utviklinga til eleven.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

(udir.no, 2014)

Følgjande sider ved vurdering bør integrerast i musikkopplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kor stort omfang:

Læringsmåla er viktige kriterium å vurdere utviklinga til eleven opp mot. Elevane må forstå kva dei skal lære og kva som er venta av dei.

Læringsstøttande tilbakemeldingar. Dette er formativ vurdering og kjernen i læraren si rettleiing. Det ligg eit stort læringspotensial i ei positiv stadfesting. Prosessvurdering vil innebere konkrete råd om kva eleven bør arbeide med vidare.

Dialog om fagleg kvalitet. Læraren legg til rette for ein vedvarande dialog med elevane om kva som er fagleg kvalitet og korleis ein kan oppnå dette.

Elevrespons. Elevane gir kvarandre tilbakemelding på framføringar der dei blir trena i aktiv lytting og verbalisering. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for slike tilbakemeldingar.

Gruppevurdering. Læraren legg til rette for gruppevurdering som stimulerer til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå mellom elev, lærar og foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Her blir det utveksla informasjon, og ein kan ta opp tema som utvikling, øving, faglege utfordringar, innsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

Milepælmarkering. Denne vurderingsforma kan vere god for enkelte elevar. Ho representerer ein stasjon undervegs der ein feirar å ha kome i mål, noko som er ei gleddefyllt hending. For lærarkollegiet vil markeringa gi ulike instrumentgrupper ei felles vurderingsplattform og vere eit godt utgangspunkt for refleksjon rundt læringsmål.

Eleven vurderer seg sjølv. Eigenvurdering bør praktiserast frå første stund. Læraren set elevane i stand til å vurdere kvaliteten på eiga musisering og ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber å vite både kva ein kan og bli medviten om det ein strevar med. Sjekklistar, øvingsdagbok og loggføring kan auke medvitet hos eleven rundt eiga læring og utvikling.

3.3.8. Lokale og utstyr

Musikkopplæringa treng tilrettelagde rom ut frå utstysrbehov som faget har og eigenarten som lydfag. Også i dei tilfella der instrumentalundervisninga blir lagt til grunnskolen, må undervisningsromma vere innreidde med tanke på dette. Musikkopplæringa bør synast via informasjonsskjermar, oppslagstavler for konsertar, læraroversikter og, ikkje minst, tilgang til amfi, scener og ulike framføringsarenaer som bidrar til eit levande læringsmiljø.

Konsertarenaer

Konsertdeltaking er ein viktig del av elevane si læring og kunstnariske utvikling. Alle, utan omsyn til alder, nivå og fase, bør fleire gonger i året framføre musikk for eit publikum. Arenaene kan vere undervisningsrom på kulturskolen, eigne konsertsalar med scene/amfi, eksterne offentlege rom, kulturhus/samfunnshus eller høvelege utescener. Omsynet til god akustikk og høyrsele til eleven er viktig.

Større konsertproduksjonar og framføringar krev personalressursar til akkompagnatør, rigging, timeplanlegging, lyd/lys, instrumentflytting, lydprøver, opptak og informasjonsarbeid.



Rom og utstyrsrammer

Følgjande rom- og utstyrsrammer kan tilrådest for å oppfylle læringsmåla i dei tre opplæringsprogramma:

- Tilgang til øvingsrom for elevane, dessutan små, mellomstore og store undervisnings-/ensemblerom med ventilasjon og god takhøgde.
- Nødvendig akustisk tilrettelegging tilpassa ulike instrumentale behov. Undervisningsrom for band og lydsterk musikk må ha nok lyddemping, undervisningsrom for lydsvak musikk må ha nok klang og volum.*
- Samspelsrom bør innehalde formålstenleg utstyr for ulike musikkjangrar.
- Alle undervisningsrom bør ha eit piano til akkompagnement og stolar som er tilpassa elevar med ulik høgde.
- Musikkavspjelingsutstyr med god lyd kvalitet må vere lett tilgjengeleg.
- Tilgang til datautstyr og programvare, trådløst nett og skrivar når det er behov for det.
- Høvelege lager/rom for oppbevaring av instrument og anna utstyr.
- Skolen må gi lærarane tilgang til aktuelt notemateriell.

Det er naturleg å vurdere kva mogelegheiter det er for sambruk av samspelsrom for korps, orkester og andre ensemble som har behov for større scene og lagerplass. Kulturhuset i kommunen vil også vere ei naturleg ramme for sambruk, framføring og kvalitetsheving.

Alle lærarar bør ha eigen kontor-/arbeidsplass i kulturskolen, også til eiga øving. Det bør vere ein felles pauseplass for lærarane der dei kan oppleve å vere del av eit arbeidsmiljø.

**) Nyttige nettstader når det gjeld standardar for musikklokale: standard.no og musikklokaler.no. Gode søkeord på desse sidene - og på nettet for øvrig: [akustiske kriterier](#), [NS8178](#) og [faktaark musikkrom](#).*





3.4. Fagplan skapande skrivning

3.4.1. Skapande skrivning i kulturskolen

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørge for at elevane i skapande skrivning får erfaring med eit breitt fag som vil spegle skrift både som kunstnarisk uttrykksform, kommunikasjon, sjølvuttrykk og ferdigheit.

Skapande skrivning er eit tilbod til dei som ønskjer å utforske eit personleg uttrykk der ord/tekst er det berande i uttrykket. Elevane skal utvikle glede ved god form, forteljing og formidling, ved å bruke omgrep og tekstar i ulike samanhengar og på ulike plattformer, analogt og digitalt. Gjennom skapande skrivning skal eleven lese for å skrive betre, skrive for å lese betre.

Eit rikt ordtilfang og sans for mangfaldet i språket er viktig for å kunne uttrykkje seg. Av og til klart og presist, andre gonger underfundig og tvitydig, eller humoristisk. Fantasien og undringa til eleven må stimulerast.

Barn og unge lever tett på samtidskulturen, og dei kjem til å leve i eit samfunn som blir meir og meir globalisert. Skriveopplæringa i kulturskolen må bidra til å utvikle kompetanse som gjer det mogeleg for elevane å møte utfordringane som ligg i dette: bli medvitne om verdiar, kunne ta stilling og vere konstruktive. Gjennom skapande skrivning vil dei kunne lære å møte merksemd omkring eigen person, forventningspress, forbilde og kravet om «iscenesetting» av seg sjølv.

Skapande skrivning og læring

Ungdomar har stort uttrykksbehov, og dei er ofte opptatt av eksistensielle spørsmål som å høyre til, einsemd, venner, tryggleik, tillit, rettferd, livsval, draumar og jorda si framtid. Skrivning kan vere vegen inn til dette.

Arbeidet i faget må knytast til tema dei unge er opptatt av, da gir skapande skrivning eit innhald for elevane. Gjennom å kople saman skrivning, lesing og egne erfaringar kan ein styrke både læringsprosessar og tilknytning til omverda, medmenneske og natur. Skriveprosessar kan byggje bruar mellom eigen og andres kultur. Elevane må få erfaring med eit rikt skriftleg og munnleg repertoar av små og store forteljingar.

Unge menneske har sitt særeigne språk, samtidig snakkar og skriv dei ulikt i ulike fasar. Å formidle eit innhald gjennom skrivning handlar også om å konstruere seg som subjekt, utvikle personleg uttrykk og identitet.


Det har til alle tider vore nær samheng mellom ord/tekst og andre skapande uttrykk som teater, drama, musikk og bilde, noko som gjer at orda ber lenger enn når dei står aleine. Opplæringa i skapande skrivning må naturleg knytast saman med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Skapande skrivning blir best utvikla i skriftleg og munnleg samhandling og gjennom deltaking i ulike situasjonar der elevane samtalar, drøftar, lyttar, gir tilbakemelding og utforskar oppgåver saman. Målet må vere å stimulere elevane si skriveglede og leselyst.

3.4.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med skapande skrivning skal elevane

- utvikle skriveglede og leselyst gjennom leik og metodisk undervisning
- utvikle sjølvstendig uttrykksevne og formsans i arbeidet
- utvikle skrivekompetanse
- få trening i å uttrykkje egne kjensler, meiningar og erfaringar
- utvikle evne til samhandling
- få tiltru til egne evner
- få mogelegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning
- bli ressurspersonar som medverkar til eit levande kulturliv





3.4.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – skapande skrivning som uttrykksmiddel

Faghjulet viser skapande skrivning som uttrykksmiddel.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar som har som formål å gjere faget tilgjengeleg for elevane: *utøve, formidle, skape, oppleve, reflektere*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk for å gjere skapande skrivning tilgjengeleg for elevane.

Den nest innarste sirkelen viser verknaden ein kan oppnå gjennom skriveopplæring.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnadene, relasjonane i gruppa og formidlingsarena. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar.

I ulike situasjonskontekstar vil det til dømes bli utvikla ulike formidlingsformer, eller elevane si teksttolking vil romme ulike svar ut frå kva kultur dei ber med seg. Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved skriveopplæringa. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisninga.

3.4.4. Læringsmål og utviklingsfasar

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål og forventningar til læraren omtala. Læringsmåla er generelle på tvers av dei spesifikke skrivesjanrane. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i fagleg progresjon relatert til alder og nivå. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Kulturskole og grunnskole har eit stort samarbeidspotensial rundt faget skapande skrivning. Det kan til dømes vere eit fagtilbod for elevar som har ei særskilt interesse for å uttrykkje seg gjennom kreativ skrivning/forfattarskap, eller for barn som treng eit styrkt kunstfagtilbod som del av språkopplæringa i grunnskolen.

Det kan også vere eit kursbasert tilbod innanfor ein bestemt sjanger, eller skriveprosjekt i samarbeid med miljø for psykisk helse, flyktningmottak, bibliotek, kulturell skolesekk, SFO, barnehage og personar som ikkje har norsk som morsmål.


Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av samhandling, oppleving, kreativitet og aktivisering
- vektlegg prosess og meistring
- trenar eleven si evne til å vere merksam, til å iaktta og evne til nærvær
- stimulerer til leselyst og skrivelyst
- gir elevane rom for refleksjonar omkring arbeida deira
- leier elevane fram mot visningar og presentasjonar
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål

Eleven

- meistrar grunnleggjande ferdigheiter i tekstskaping
- har tileigna seg kunnskapar om grunnleggjande skriveformer
- har kjennskap til ulike plattformer for skrivning og lesing
- har trening i å formidle eigne tekstar for eit mindre publikum



Frå Skrivesenteret. Eit barns første møte med skrivning – tekstproduksjon som ein naturleg del av kvardagen.

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er for elevar som ønskjer å arbeide med skapande skrivning over tid og som er motiverte for større undervisningsmengde og eigeninnsats. Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle kreative evner, refleksjon, handverksmessig kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne.

Kjerneprogrammet legg vekt på langsiktig utvikling av skriveferdigheiter, form og ulike bruksområde for tekstlege uttrykk. Det blir lagt vekt på at elevane skal utvikle motivasjon til å uttrykkje seg skriftleg. Det er ein føresetnad at den enkelte kulturskolen utarbeider ein lokal fagplan med grunnlag i læringsmåla.

Kjerneprogrammet er delt inn i tre fasar med læringsmål som utgangspunkt for eleven si læring. Elevar som har hatt undervisning like lenge, kan vere på ulike modningsnivå når det gjeld uttrykks- og leseevne. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane.

Fase 1

Forventningar til læraren

- legg til rette for godt arbeidsfellesskap og skaper eit godt sosialt miljø
- legg til rette for skriveleik og kreative igangsettarar
- styrker eleven si evne til å vere merksam og til å iaktta gjennom lesing/lytting
- stimulerer fantasi og undring
- legg til rette for publisering og presentasjonar av elevtekstar på ulike arenaer
- initierer fleirfaglege/tverrfaglege samarbeid

Læringsmål

Eleven

- har utvikla grunnleggjande skriveferdigheiter
- har arbeidd med ulike element i tekst
- har styrkt fantasi og undring
- har erfaring med friskrivning
- har erfaring med etterlikning som metode
- kan dele erfaringar og samtale om tekstane sine
- har framført eigne tekstar innanfor trygge rammer
- har arbeidd med form og utvikling av ein tekst
- har trening i å oppfatte budskap og verkemiddel i ulike tekstar
- kan leike med omgrep av ulik art
- kjenner ulike bruksområde for tekstlege uttrykk
- har utvikla gode arbeidsmåtar

Fase 2

Forventningar til læraren

- stimulerer eleven sitt personlege uttrykk og formidling
- legg vekt på oppleving og skaparglede
- stimulerer eleven si evne til å vere merksam og til å iaktta gjennom lesing/lytting
- legg til rette for publisering av elevtekstar, lesestover og presentasjonar
- gjer elevane kjende med digitale plattformer
- samarbeider med andre kunst- og kulturlærarar i kulturskolen

Læringsmål

Eleven

- har styrkt skriveferdigheitene sine
- har kunnskapar om verkemiddel og prosessar i skriving
- reflekterer gjennom eiga skriving
- kan eksperimentere med språklege verkemiddel, klang og rytme
- har trening i bruk av ulike litterære uttrykk og sjangrar, også i lengre tekstar
- kan skrive for ulike bruksområde
- har lese eigne tekstar for andre – kommunikativ trening
- kan samtale om eigne og medelevane sine tekstar
- har god trening i å oppfatte budskap og verkemiddel i ulike tekstar
- kan bruke digitale plattformer

Fase 3

Forventningar til læraren

- gjer eleven kjent med eit breitt spekter av bruksområde for tekstlege uttrykk
- legg vekt på at elevane framfører eigne tekstar på ulike arenaer
- legg til rette for reflekterte samtalar og utvikling av eleven si sjølvinnstikk
- vurderer både prosess og produkt saman med elevane
- er fagleg rollemodell, kulturformidlar og inspirator

Læringsmål

Eleven

- har utvikla skriveferdigheiter på vidarekome nivå
- har styrkt fantasi og nysgjerrigheit
- har prøvd skriving i lengre tekstar og sjølvvalde sjangrar
- har arbeidd med oppbygging, byrjing, utvikling og slutt
- har utvikla medvit om ordval, nyansar og variasjon i tekst
- er kjent med eit breitt spekter av bruksområde for tekstlege uttrykk
- kan drøfte tekstar og formspråk
- kan samtale med medelevar om kvarandres tekstar, gi positiv og grunnleggjande tilbakemelding
- har arbeidd med tolking av tekstar og formspråk
- har utforska ulike former for tekstutforming, tradisjonelle og digitale
- har auka medvit om eigne skrive- og arbeidsprosessar
- har erfaring med arbeid frå idé til publisert tekst
- har medverka i framføring av eigne tekstar saman med andre elevar, i og utanfor kulturskolen

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbudet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men skal vere vesentleg forsterka med omsyn til innhald og omfang.

Fordjupingsprogrammet strekkjer seg mot skrivekunst. Læraren rettleier eleven til sjølvstendige val rundt sjanger, form og uttrykksmåte. Elevane bør i høg grad arbeide individuelt. Samtidig er det viktig for læringsmiljøet at elevane deler erfaringar, drøftar, gir kvarandre tilbakemelding på tekstar og samarbeider om formidlingsprosjekt.

Elevane blir utfordra til å arbeide fram omfattande tekstar som blir gjort ferdige og formidla. Hovudinnhaldet er fordjuping innanfor sjølvvalde uttrykk. Å utvikle medvit om form og innhald og å finne fram til eit personleg uttrykk, er viktige mål for fordjupingsprogrammet.

Forventningar til læraren

- legg til rette for utvikling på høgt fagleg og kunstnarisk nivå
- stimulerer til sjølvstende, disiplin og struktur
- ser potensial, inspirerer og gir impulsar
- stimulerer det kunstnariske medvitet til eleven
- har målsetting om å medverke til å utvikle heile menneske
- fremmer medvitet til eleven om ambisjonar
- rettleier både individuelt og i gruppe
- vurderer både prosess og produkt saman med eleven
- legg vekt på eit godt samarbeid mellom heim – kulturskole – lærar – elev

Læringsmål

Eleven

- har vidareutvikla skriveferdigheiter på høgt nivå
- utarbeider større tekstar i sjølvvald sjanger eller form
- har tileigna seg sjangermedvit og kunnskapar om verkemiddel og former innanfor ulike sjangrar i skriving og lesing
- har gjennomført eit fordjupingsprosjekt med høg grad av elevmedverknad i alle fasar
- har innsikt i samtidslitteratur som er relevant for eige fordjupingsprosjekt
- kan orientere seg i faglitteratur om skriving og lesing
- har styrkt forståinga si av teori og omgrep
- har brei erfaring med framføring og formidling av eigne tekstar
- har trening i refleksjon rundt eiga og andres skriving
- kan drøfte vurderingskriterium for ein god tekst
- tar vare på eigne tekstar for å dokumentere eiga utvikling, og bruker logg til refleksjon og kommunikasjon
- meistrar utvida bruk av verktøy for tekstutforming, redigering og multimodalitet
- har publisert eigen tekst i ulike medium/kanalar
- har deltatt aktivt i framføring av eigne tekstar saman med andre i og utanfor kulturskolen

3.4.5. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas kva, om lærestoff, lesestoff, emneområde og sjangrar.

Erfaringsbakgrunnen til eleven er eit viktig utgangspunkt for skrivninga. Grunnleggjande skriveferdigheiter blir best øvde opp i leikprega oppgåver. Narrative tekstar må få ein sentral plass i faget, tekstar frå andre land, natur- og menneskeskildringar, mytar og segner, dikt, lyrikk, noveller, songtekstar, tekstar frå daglegliv, heim og nyheitsbilde – alt som kan fange interessa til eleven og gi impulsar til fordjuping.

Drøfting og samtale blir viktig, slik blir elevteksten bunden saman med tekstar andre har skrive.

Mykje av skriveopplæringa kan gå føre seg i skriveverkstader. Skriveverkstaden kan ha følgjande innhaldskomponentar:

Poesi

Poetiske tekstar som

- Dikt
- Haiku
- Regler
- Rabledikt
- Gåtedikt
- Prosadikt
- Songtekstar

Elevane får kjennskap til litterære verkemiddel som besjeling, bokstavrim, kontrastar, gjentakningar, lineskift, rytme og enkel verselære.

Prosa

- Grunnleggjande dramaturgi
- Prosatekstar som:
- Forteljing
- Eventyr
- Kortprosa
- Roman*
- Tankereferat
- Scene i forteljing
- Dialog

**) skrive tekstar som kan gå inn i eit romanforløp, lære ulike former for planlegging*

Dramatiske tekstar

- Scenetekst
- Filmmanus
- Høyrespel

Argumenterende tekstar

- Innlegg avis/blogg
- Bokmelding
- Artikkel
- Tweet
- Tale

Kåseri/foredrag**Tekst, musikk og bilde**

- Teikneserietekst
- Bildetekst
- Tekst til musikk

Digitale tekstar

- Tekstbehandling
- Blogg
- Vlogg
- Podcast
- Sosiale medium

3.4.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas *korleis*, om metodar og læringsaktivitetar.

Val av arbeidsformer og undervisningsmetodar må vere tilpassa læringsmål og utviklingsfasen til eleven. I ein tidleg fase må læraren stimulere til språkleg aktivitet gjennom lek og humor. Kreative og leikprega igangsettarar og skiving av korte tekstar vil vere gunstig. Gjennom å friskrive eller tenkjeskrive blir eleven trygg på seg sjølv som skivar aleine og i grupper med medelevar.

Seinare har elevane betre utvikla konsentrasjonsevne og er meir kunnskapsorienterte. Dei vil trenge nye utfordringar, til dømes eksperimentere med sjangrar, prøve ut medium, velje skrivegruppe, lage produksjonar og vurdere arbeidet til kvarandre. Det bør leggjast vekt på høg grad av elevmedverknad.

Lesing er ein sentral arbeidsmåte i faget. Elevane les ulike tekstar og tekstar for ulike formål. Dei bør ha tilgang til eit utval barne- eller ungdomslitteratur som dei kan identifisere seg med, dikt, eventyr, skjønnlitteratur eller sakprosa, alt som kan stimulere leseglede og spenningsbehov og som kan gi idear til eiga skiving.

Gjennom alle program og fasar bør elevane ta del i meiningssøkjande og utprøvande samtalar og gi tilbakemeldingar på tekstane til kvarandre, også undervegs i skriveprosessane.

Grunnleggjande arbeidsformer er:

- Lese og skrive individuelt og saman med andre i skrivegruppa
- Lese og lytte
- Skrive til musikk, bilde
- Dele tekstar
- Skrive logg
- Gi tilbakemelding
- Framføring/formidling av eigne tekstar
- Prosjektarbeid
- Opptak av eigne framføringar
- Tverrfagleg arbeid i og utanfor kulturskolen
- Besøk på bibliotek og andre relevante kulturarenaer

Arbeidsmåtene må stimulere skrive- og uttrykks glede, og dei må tilpassast dei ulike programma. Dei må omfatte både utvikling av samanhangande handskrift og skiving på tastatur.

Det bør leggjast vekt på verkemiddel i tekstar som til dømes dramaturgi. Presentasjon og framføring av eigne tekstar kan gjerne knytast til dramaaktivitetar og medvit om kroppsspråk og tale.

Ny teknologi har skapt nye former for kommunikasjon. Multimodalitet, der skrift, tale, bilde, video og musikk blir integrert, opnar for nye kommunikasjonsformer og ei framtidretta tilrettelegging av opplæringa.

Visningsformer kan vere opplesingar, antologiar, publisering i lokalaviser og utstillingar av tekst i lokalsamfunnet.

Kurs og verkstader kan arrangerast lokalt og regionalt og vere tverrfaglege, samlingsbaserte og tidsavgrensa.

Organisering

Storleiken på gruppa kan variere etter kva fase elevane er i. Ei skrivegruppe i kulturskolen bør likevel ha frå fem til tolv elevar som norm. Ei undervisningsøkt bør vare minimum 90 minuttar.

Skriving er ein sakte aktivitet, og elevane må få tid til å arbeide i lengre økter når behovet melder seg.

Skapande skrijving bør kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Dette vil styrke kjensla av å høyre heime i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Ein rår til å ha eit tett samarbeid med folkebibliotek, Den kulturelle skolesekken og skoleverket, dessutan andre litterære aktørar som forfattarsentrum, litterære sentra og litteraturhus.

Kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale litteraturmønstringar og skrivekonkurransar for barn og unge.



3.4.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar framgang og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at ho skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og faglege utviklinga til eleven.

Mykje av vurderingsarbeidet går føre seg uformelt i undervisninga kvar veke, i dialog mellom lærar og elev. I skapande skiving skjer vurdering for læring først og fremst individuelt, men ho kan også gå føre seg i gruppe. Det er viktig å utvikle gode vurderingsrutinar og gi informasjon til både elevar og foreldre/føresette om prosess, læring og utvikling både i gruppa og hos den individuelle eleven.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
 - får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
 - får råd om korleis dei kan bli betre
 - er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling
- (udir.no, 2014)

Følgjande vurderingsformer bør vektleggjast:

Fasane og læringsmåla er naturlege utgangspunkt for vurdering av prosessar og produkt i skapande skiving.

Tilbakemeldingar som oppmuntrar eleven til å finne personlege uttrykk, til å eksperimentere og utforske i tekstarbeidet.

Formativ vurdering med presise og konstruktive tilbake- og framovermeldingar til elevane.

Summativ vurdering med tilbakemeldingar på publiserte elevtekstar, opplesing og prosjekt der eleven har stort ansvar.

Responsgrupper. Elevane gir kvarandre tilbakemeldingar på skrivearbeidet. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for slike tilbakemeldingar.

Løpande dialog med elevane om kva som er kvalitet i tekstarbeidet og om tekstkriterium.

Gruppevurdering. Læraren legg til rette for gruppevurdering som stimulerer til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Loggføring. Loggføring kan vere eit godt verktøy for å styrke medvit om eiga læring og utvikling.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå mellom elev, lærar og eventuelt foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Tema som kan vere aktuelle å ta opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

3.4.8. Lokale og utstyr

Skriverommet bør kunne samle heile gruppa og liggje slik til at elevane får arbeidsro og ikkje blir forstyrra av lydar utanfrå. Dette er ekstra viktig sidan skriving krev konsentrasjon og merksemd i lengre økter.

Det er viktig at elevane har ein god framføringsarena på kulturskolen ut over sjølve skrivestova/skriveverkstaden. Det mest naturlege er fellesscene/-amfi med dei andre kunstfaga. Det må vurderast lokalt kva andre arenaer i nærmiljøet som kan høve for framføring/oppløsing.

Alle elevar bør ha ei arbeidsbok til utvikling av handskrivne tekstar i tillegg til pc-tilgang.

Elevane må ha tilgang til teknologi som gjer det lett å finne og ta i bruk tekstar, nettsider, bloggar, bilde og videoar frå internett. Ulike skriveprogram må vere tilgjengelege. I tillegg må det vere minst éin skivar lett tilgjengeleg.

Avspelingsutstyr for musikk bør vere tilgjengeleg når det er behov for det. Det bør finnast nettbrett til kvar elev i gruppa.

Læraren bør ha mogelegheit til å kople datamaskin/nettbrett til ein prosjektør. Det gjer arbeidet lettare når læraren skal presentere tekstar eller oppgåver for elevane.

Læraren bør ha ein arbeids-/kontorplass der det er mogeleg å treffe lærarar frå andre kunstfag og vere ein del av eit dynamisk arbeidsmiljø.



3.5. Fagplan teater

3.5.1. Teater i kulturskolen

Teater i kulturskolen omfattar dramapedagogiske prosessar, arbeid med roller, situasjonar og teaterproduksjon. Gjennom teaterfaglege arbeids- og uttrykksformer skal elevane utvikle kompetanse i å utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere.

Barn og unge lever tett på samtidskulturen og i eit samfunn som stadig blir meir globalisert. I framtida skal dei skape teater, vere utøvarar og publikum. Teateropplæringa ved kulturskolen må bidra til å utvikle ferdigheiter som gjer det mogeleg for elevane å møte utfordringar som ligg i dette: bli medvitne om verdiar og ansvar, kunne ta sjølvstendige val, vere konstruktive og kreative.

Teaterscena skaper gode vilkår for at ungdomane kan utfalde seg. Gjennom teater som kollektiv kunstart lærer elevane å reflektere over merksemd som er retta mot individet, forventningspress og forbilde. Samhandling er grunnleggjande i alle delar av teaterprosessane.

Å spele teater handlar også om å konstruere seg som individ og utvikle personleg uttrykk som aktør gjennom å formidle ei rolle, ein situasjon, ei forteljing. Elevane får ta stilling til etiske spørsmål og utviklar kritisk refleksjon. Både inntrykk, uttrykk og forståing vil utviklast og bli rikare i teaterfellesskapet.

For den enkelte eleven kan teater vere eit ledd i ein verdfull dannelsingsprosess. Ein intensjon med faget er å gjere elevane til aktive og medverkande deltakarar i undervisninga og produksjonsarbeidet.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørge for at elevane får erfaring med stadig nye sider ved teaterfaget. Det gjeld dramapedagogiske metodar, sjangerkunnskap, regi, tekstanalyse, scenografiske og tekniske verkemiddel.



Teater og læring

Leik er ei viktig læringsform i teater. Både skodespelaren og barnet leikar med tid, rom, roller og objekt. Leik er å samhandle og forstå gjennom utfolding av kroppen, stemma, sansane, kjenslene og fantasien. Leik er «å late som om» ein er ein annan, på ein annan stad, i ei anna tid, i ein annan samanheng. Skodespelarkunst byggjer med andre ord på same sansebaserte utforsking og utfolding som barn kjenner gjennom leiken.

Teater som scenekunst

Teater i kulturskolen er forankra i teater som scenekunst. Kunstarten har ei rik historie som spegel, kommentator og kritikar av makt, levekår, styresett, natur, religion og kultur gjennom ulike tidsepokar. Gjennom tallause kombinasjonar av kropp, stemme, rørsle, rom og tekst har menneske omskapt dette til symbolske, performative uttrykk.

Scena kan vere i kulturskolen, grunnskolen, barnehagen, teateret, kulturhuset, museet, eller på eldresenteret. Men ho kan også vere i eit lokalhistorisk friluftsteater, på ei strand eller i eit kjøpesenter. I teaterforma skaper menneske underhaldning, folkeopplysning og samfunnskritikk. I dag er forståinga av kultur og samfunn påverka av inntrykk frå heile verda. Uttrykk og formidlingsformer er prega av stort mangfald. Dette opnar for ei ny forståing av kva teateret kan vere som kulturell møteplass og som kunstnarisk uttrykk.

Kulturskolen treng teaterpedagogar som samarbeider om å vidareutvikle teater med barn og unge inn i framtida.


3.5.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med teater skal elevane

- utvikle uttrykksevne, formsans og ferdigheiter i å agere
- kunne ta i bruk teater som kommunikasjonsmiddel
- oppleve meistringsglede og positiv eigenutvikling
- utvikle evne til kritisk tenking, empati og lagspel
- utvikle evne til å utforske fortid, nåtid og framtid
- få mogelegheiter til fordjuping som kan danne grunnlag for høgare utdanning i teater
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande kulturliv



3.5.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – teater som uttryksmiddel

Faghjulet viser teater som uttryksmiddel. Vekta ligg på speleerfaring og skodespelarkompetanse.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar: *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk for å gjere teater tilgjengeleg for elevane.

Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram mindre opplagde kombinasjonar av handlingar og aktivitetar.

Den nest innarste sirkelen viser premisser for og verknader av teateropplæring.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnader, relasjonar i gruppa, publikum. Ulike situasjonskontekstar vil inspirere til ulike sceniske uttrykk og aktivitetar.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes vil eit konkret innstuderingsarbeid naturleg bli sett i samheng med den historiske konteksten teaterstykket har oppstått i. Når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også dei kulturelle aspekta dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved opplæringa i teater som uttryksmiddel. Det kan også brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisning.

3.5.4. Læringsmål og utviklingsfasar

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål, utviklingsfasar og forventningar til læraren omtala. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i ulike sceniske sjangrar og tydeleggjer eigenart, delmål og fagleg progresjon relatert til alder og nivå. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik og samhandling
- legg vekt på basisferdigheiter
- legg vekt på prosess og meistring
- stimulerer konsentrasjon, sansar og fantasi hos eleven
- skaper gode formidlingsopplevingar
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål

Eleven

- kan utøve dramaleik og improvisasjon i samspel med andre
- samarbeider og tar aktivt del i eit sosialt fellesskap
- kan presentere enkle roller og sceniske situasjonar i små spel
- har deltatt i enkle visningar på ein relevant arena
- er del av eit levande lokalmiljø og bidrar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er hovudinnretninga i teatertilbodet. Elevane kjem djupt ned i dei teaterfaglege handlingane utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere. Handverk, kunstnarisk utvikling og samarbeidsevne står sentralt.

Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan inkludere spesialiseringskurs som revy, kostyme- eller maskekurs, kurs i scenografi eller lys/lyd m.m.

Opplæringa er delt inn i tre fasar.

Fase 1

Forventningar til læraren

- legg vekt på samspelet mellom å øve, skape, formidle og reflektere
- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og samhandling
- legg vekt på prosess og meistring
- skaper gode formidlingsopplevingar
- legg vekt på ensembleutvikling og ensemblekjensle
- legg til rette for teaterframføringar på ulike arenaer

Læringsmål

Eleven

- meistrar basisferdigheiter i spel, med kropp og stemme
- kan bruke kropp og stemme som verktøy for å uttrykkje eit spekter av fenomen
- kan skape spel gjennom arbeid med enkle, improviserte forløp
- kan skape spel gjennom arbeid med enkle tekstar
- kjenner nokre samlande oppvarmingsøvingar og leikar
- har trene evne til å vere merksam og til å iaktta, til fantasi og førestellingsevne
- er medviten om kvalitet på rørsler (rask/sakte, stor/liten, tett/spreidd, stor/liten muskelmotstand)
- kjenner grunnleggjande prinsipp for samspel (akseptere og lytte)
- har gjennom dramaleik fått erfare gruppa som eit skapande ensemble
- har vist enkle dramauttrykk på ein relevant visningsarena
- kan gi og ta mot tilbakemelding i praktisk arbeid
- kjenner sentrale dramafaglege omgrep

Fase 2

Forventningar til læraren

- legg vekt på speleteknikkar og improvisasjonsmetodar i skodespel
- byggjer opp eit læringsmiljø som er prega av at eleven opplever meistring og positiv eigenutvikling
- styrker relasjonar og identitet i ensemblet

Læringsmål

Eleven

- har vidareutvikla ferdigheiter i spel med kropp og stemme
- kan improvisere fram roller, situasjonar, handlingsforløp og stemningar med utgangspunkt i tekst/ forteljing, gjenstand, bilde, tema, musikk/lyd, stad, eiga oppleving
- meistrar dei ulike fasane av teaterarbeidet: oppvarming, konsentrasjon, teknikk, avrunding med presentasjon og vurdering
- har vidareutvikla evna til å vere merksam og til å iaktta i samspel
- praktiserer grunnleggjande prinsipp for samspel og samhandling i teaterarbeid
- har trening i å dele erfaringar med medelevar, gi og ta mot konstruktiv tilbakemelding
- har utvikla disiplin og god øvingskultur
- kan formidle roller og sceniske situasjonar i små og store produksjonar
- har deltatt i heilskaplege produksjonar frå idé/konseptualisering til ferdigstilling og vurdering
- har sett teaterførestellingar saman med andre elevar og kan samtale om desse
- forstår grunnleggjande omgrep i praktisk teaterarbeid og produksjon

Fase 3

Forventningar til læraren

- lar elevane møte eit breitt og allsidig repertoar av sjangrar, former og spelestilar
- legg til rette for elevmedverknad i produksjonsarbeidet
- legg vekt på samhandling og fellesskap
- legg vekt på elevens eigenvurdering og refleksjon, bruker formativ vurdering aktivt

Læringsmål

Eleven

- har teaterspesifikke ferdigheiter og forståing på vidarekome nivå
- har erfaring med ulike sjangrar, formuttrykk og spelestilar
- har sett teaterførestellingar saman med elevar
- har eit godt omgrepsapparat for å analyse, tolke og samtale om innhaldet i teater
- har relevante teoretiske kunnskapar
- har kjennskap til den rolla teateret har i samfunnet
- har samarbeidd om eit heilskapleg produksjonsapparat med kostyme, maske, scenografi, musikk, lyd og lys
- kan gi og ta mot konstruktiv og grunngitt kritikk
- har utvikla gode strategiar i å leie og førebu seg
- har deltatt på arenaer for kunstnarisk samarbeid der fleire av kunstuttrykka i kulturskolen er integrerte

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang. Undervisninga legg vekt på fordjuping i skodespelarteknikkar. Ein større teaterproduksjon står sentralt, der samarbeid i ensemblet blir tillagt stor vekt.

Forventningar til læraren

- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt kunstnarisk nivå både individuelt og i ensemblet
- fremmer medvit hos eleven om ambisjonar
- legg vekt på samspel mellom eleven, gruppa, materialet og lærar/regissør
- stimulerer til sjølvstende og disiplin
- tar i bruk ulike vurderingsformer i opplæringa

Læringsmål

Eleven

- har utvikla ferdigheiter på høgt kunstnarisk nivå og med personleg uttrykk
- kan skape roller, situasjonar og stemningar gjennom arbeid med tekstbaserte og fysiske skodespelarteknikkar
- utøver kropps- og stemmeuttrykk med innleving og integritet
- har erfaring med karakterarbeid/karakterutvikling
- har arbeidd med fordjuping innanfor ein sjanger/spelestil/arbeidsform
- er medviten om bruk av rom, tekst og musikk/lyd i utvikling av sceniske uttrykk
- bruker eit relevant teaterfagleg språk
- har kunnskap om teater som eit kunstnarisk, sosialt, historisk og kulturelt uttrykk
- er sjølvstendig og viser innsikt i eiga kunstnariske utvikling
- har vore medskapande i ein heilskapleg produksjon som inneheld mange element
- tar aktivt del i dialogar, tilbakemelding til og vurdering av prosessar og produkt
- har formidla scenekunst i ulike format og på ulike scener
- er eit godt forbilde for medelevar
- er førebudd til opptaksprøver og vidare teaterstudium

3.5.5. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas *kva*, om ulike teatertradisjonar, sceniske sjangrar og uttrykk som performance, improvisasjon, teatersport, forteljing, klassiske skodespel, mime, revy, musikal, kabaret. Innhaldet kan også vere ulike innhaldskomponentar som kostyme, sminke, rekvisitt, maske, scenografi og lys/musikk.

Innhaldet i faget bør knytast til tematikk som dei unge er opptatt av. Elevane kan utforske eigne erfaringar og dermed bringe inn ny kunnskap og styrke tilknytninga si til omverda. Innhaldet kan også hentast frå aktuelt nyheitsstoff, frå klassikarane innanfor teater, eller frå ulike tekstar.

Elevane bør arbeide med eit breitt utval av sjangrar, former og skapande teaterarbeid. Å *formidle* teater er både eit mål og eit innhald i alle program. Det omfattar erfaring med fasar og framdrift i prøveprosessen, mot i scenisk kommunikasjon, speglede og evne til å vekkje kjensler. Det omfattar også å tilpasse innhald, form og format til publikumsgruppe og visningsarena.

Improvisasjon er både eit innhald og ei grunnleggjande arbeidsform i teaterfaget. Ulike måtar å bruke improvisasjon på kan vere hovudemne i ein kort periode eller ei sentral arbeidsform i teaterproduksjon.

Elevane skaper teater gjennom improvisasjon med utgangspunkt i

- tekst/tekstbaserte metodar. Volum, språk og tematikk blir lagt til rette for ulike aldrar
- kropp/fysiske metodar. Tilpassa opplæring, individuelt og i fellesskap
- tema/dokument/materiale. Gruppeprosessar og prosjektbasert teater

Dramaøvingar og leikar. Ein viktig del av innhaldet i teateropplæringa er dramaøvingar og leikar som trenar konsentrasjon og fantasi og rettar merksemda mot sansane, kroppen, rommet og gruppa. Grunnlaget for dramaleiken er anten roller/situasjonar eller ulike typar impuls materiale som objekt, kostyme, musikk og bilde. Elevane improviserer med kropp og stemme i ei leikande form.

Skodespelarteknikkar er eit sentralt innhald i utøvinga av faget. Elevane bør trenast i eit breitt utval av roller, situasjonar og forløp. Uttrykk som ligg i stemme, bruk av stemme, stemmeoppvarming og artikulasjon er andre sentrale emne. Stil og sjangerforståing er vesentlege moment i utøvinga av ulike typar teater og tradisjonar.

Mime som uttrykksform demonstrerer kor viktig kroppsspråket er i all kommunikasjon. Improvisasjon og analyse av tekstar styrker utøvinga av rolle, situasjon og forløp. Rommet er eit viktig element i innhaldet i faget gjennom rørsle og bruk av sceneelement, som må knytast til utøvinga.

Teaterproduksjon. Fagområda kostyme, maske, rekvisitt og sminke har ein sentral plass i teaterproduksjon. På Kjerneprogram og Fordjupingsprogram kan det bli gitt supplerande kurs i dette. Elevar på vidarekome nivå bør få stort ansvar for desse fagområda.

Innhaldselement. Musikk, song og dans er sentrale innhaldselement i revy, kabaret og musikal. Scenetekniske disiplinær som lys-, lyd- og sceneteknikk rammar inn rollene og handlingane og skaper atmosfære i spelet.

Historie og kulturarv i lokalmiljøet bør brukast som kjelde til prosjekt og multimodale produksjonar/tidsreiser der elevar frå teater, musikk, skapande skriving, dans og visuell kunst skaper og framfører i fellesskap.

Ein del av dannelsingsinnhaldet i faget er å kunne sjå teater som scenekunst i historisk, kulturelt, sosialt og politisk perspektiv. Elevane må stimulerast til refleksjon og kritisk tenking, til å stille spørsmål og verbalisere og til å sjå den verdien teateret har for mennesket.



3.5.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas *korleis*, om metodar og læringsaktivitetar.

For å realisere teaterfaget vil faghjulet med læringshandlingane *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere* stå sentralt på tvers av programma og utviklingsfasane til elevane og gi føringar og idear til teateropplæringa.

Undervisninga i teaterfag går gjerne føre seg i to hovudformer:

- 1) Undervisning kvar veke der hovudvekta ligg på praktisk arbeid og trening i arbeids- og uttrykksformene i teaterfaget. Etablering av god gruppedynamikk der både den enkelte og gruppa bidrar til konstruktiv læring, er sentralt.
- 2) Teaterproduksjon, der eleven får erfaring med å vere del av eit skapande, produserande og formidlande fellesskap.

Læraren fungerer gjennomgåande som rettleiar og pedagog i opplæringa. I ein produksjon fungerer læraren også som regissør.


Elevmedverknad bør vere eit siktemål, der elevane skaper innhaldet ut frå visse rammer. Performance-sjangeren høver særskilt godt til dette. Vidarekomne elevar bør få fagleg medansvar og ansvar for praktiske oppgåver.

Arbeidsformene vil vere avhengige av sjanger, form og forteljemodell.

Undervisningsøkta i veka bør ha ein struktur som er lett å kjenne igjen, til dømes oppvarming – konsentrasjon – teknikk – presentasjon – avrunding – vurdering.

Teaterproduksjon

Ein teaterproduksjon kan organiserast i fasar, som denne modellen viser:



Fasar i teaterproduksjon.

Både tradisjonelt tekst- og registryrt teater kan ta i bruk ein slik fasemodell.

Teaterproduksjon i kulturskolen kan ha mange ulike format. Lengde på produksjonen, talet på aktørar, kunstnariske og tekniske funksjonar som er tilpassa alderen på elevgruppa, utviklingstrinn, lokalitetar og lærarkompetanse.

Samarbeid internt og eksternt

Teater må kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen, til dømes skapande skrivning, nysirkus, dans, visuell kunst eller musikk. Dette vil kunne stimulere kjensla av å høyre til i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Det er også tilrådeleg med eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken og grunnopplæringa, til dømes medieliner, frisør, form og farge ved vidaregåande skolar, lokale teaterlag og miljø for fysisk og psykisk helse. Teaterfaget i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmønstringar.

Organisering

Undervisninga blir organisert i grupper med ulik storleik. Talet på elevar i gruppa kan variere med innhaldet i undervisninga og med alder og modningsnivå på elevane, med erfaringar og sosiale relasjonar.

Å følgje fasane i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan vere eit naturleg organiserande prinsipp.

Aldersinndelte grupper kan fungere godt: 6–7 år, 8–9 år, 10–12 år, 13–15 år og/eller vidaregåande skoleelevar.

Inndeling etter fagområde kan vurderast i kommunar der det er stort elevgrunnlag (dramaleik, teater, musikal, revy, teatersport osv.).

Undervisningsmengde. Opplæringa bør gå føre seg kvar veke, med aldersinndelt og/eller nivådelte undervisning i grupper. Kor lang kvar undervisningsøkt bør vere, vil vere avhengig av alderen på elevane, talet på elevar i gruppa og ferdigheitsnivået til elevane.

Ein tilrår tolærarsystem, og kunstnariske og pedagogiske omsyn blir lagde til grunn for arbeidet i gruppa.

Når det gjeld Fordjupingsprogrammet, vil det vere behov for smågrupper med vekt på individuell opplæring og vurdering.

Teaterfaget treng fleksibilitet i timeplanen mellom undervisningstid kvar veke og produksjonsfasar. Arbeidet blir gjerne intensivert i slutten av ein produksjonsperiode. Tidleg nok informasjon om dette til foreldre/føresette er viktig. Det må setjast av ressursar og tid til førebuing, lydprøve, generalprøver og informasjonsarbeid.

Teaterlæraren treng tid nok til dei oppgåvene som faget og arbeidet med kvalitet krev. Dette gjeld særskilt i periodar med produksjon. Her trengst ressursar til administrasjon og leiing.

3.5.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar progresjon og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at vurderinga skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og faglege utviklinga til eleven. Mykje av vurderingsarbeidet går føre seg uformelt i den daglege klassesituasjonen i dialog mellom lærar og elev. I teater kan vurdering for læring gjerast i gruppe eller individuelt. Vurdering for læring er viktig, men samtidig ressurskrevjande, noko det bør bli tatt hensyn til når midlar skal fordelast. Det er også viktig å utvikle gode formelle vurderingsrutinar og informere både elevar og foreldre/føresette om prosessar, læring og utvikling både i gruppa og hos den individuelle eleven.

Mål og kriterium må gjerast synlege. Dette kan gjerne gjerast i samarbeid med elevane.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som blir venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling (udir.no, 2014)

Formativ vurdering, med presise tilbakemeldingar i arbeidsprosessane, er viktig for god læring. Den viktigaste vurderingsmetoden er derfor samtalen rundt eleven sitt arbeid i sjølve undervisningsøkta. Elevane bør heile tida vere aktive i vurderingsarbeidet. Følgjande sider ved vurdering bør integrerast i opplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kva omfang:

Læringsmåla i dei ulike fasane fungerer som vurderingskriterium og blir naturlege utgangspunkt for vurdering av prosessar og produkt i faget. Elevane får presise og konstruktive tilbakemeldingar og råd.

Responsgrupper. Elevane observerer og gir kvarandre tilbakemeldingar. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for dette. Vurderinga må stimulere til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Dialog om fagleg kvalitet. Dialog med elevane om kva som er fagleg kvalitet i teaterarbeidet og eit vedvarande arbeid for å skape medvit om korleis dette kan oppnåast.

Eleven vurderer seg sjølv. Eigenvurdering bør praktiserast frå første stund. Læraren set elevane i stand til å vurdere kvaliteten på eige arbeid og å ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber både å vite kva ein kan og vere medviten om kva ein strevar med.

Loggbok. Loggføring kan auke medvitet rundt eiga læring og utvikling.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå mellom elev, lærar og foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Her blir informasjon utveksla og ein tar opp tema som utvikling, faglege utfordringar, innsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

3.5.8. Lokale og utstyr

Lokale

Undervisningsrommet bør vere romsleg og fleksibelt, ein storleik på 40–50 kvadratmeter gir moglegheiter for produksjon. Rommet bør vere godt lydisolert. Vindauge bør kunne blendast.

Golv et bør ha ei overflate som høver til fysisk arbeid, til dømes dansematte eller tregolv som er eigna. Golv og tak bør vere matt og svart (blackbox), eventuelt kvitt (whitebox). Tilgang til stolar og bord er ein fordel.

Det er behov for lagerplass til kostyme, sceneelement, lysutstyr og rekvisittar, med lett tilgang frå undervisningslokala. Det er også behov for sminke-, garderobe- og pauseplass for skodespelarelevane.

Framføringsarenaer

Teaterførestellingar er ein vesentleg del av læringa og den kunstnariske utviklinga til eleven og er viktig for motivasjon. Alle, utan omsyn til program, alder og nivå, bør fleire gonger i året få spele teater for eit publikum. Arenaene kan vere undervisningsrom i kulturskolen, eigne salar med scene/amfi, eksterne offentlege rom, kulturhus/samfunnshus eller utescener som er høvelege.

Større produksjonar krev personalressursar til rigging, timeplanlegging, lyd/lys, kulissar, lydprøver, opptak og informasjonsarbeid.

Utstyr

Verkemiddel som lysdesign, lydeffektar/musikk, scenografi, kostyme, rekvisittar, sminke og animasjonar er sentrale element i teaterproduksjon og vil styrke fagleg kvalitet. I sambrukslokale bør dette utstyret øyremerkjast for teateravdelinga.

Når det gjeld kostyme og sceneelement, kan det leggjast til rette for lån eller sambruk med andre kulturskolar, institusjonar, foreiningar o.l.

I den daglege undervisninga er det behov for ei kostymekiste, rekvisittar og enkle scenografi-element som kasser, skiljevegger m.m. Om det ikkje finst lysanlegg i undervisningsrommet, kan enkle lyskastarar på stativ vere til god hjelp.

Kamera og prosjektør er gode hjelpemiddel både i undervisningstimane og under førestellingar. Musikklegg bør vere nært tilgjengeleg. Det same gjeld datautstyr med høveleg programvare og tilgang til litteratur.

Alle lærarar bør ha eigen kontor-/arbeidsplass i kulturskolen. Det må vere ein felles pauseplass for lærarane der dei kan oppleve å vere del av eit arbeidsmiljø.





3.6. Fagplan visuell kunst

3.6.1. Visuell kunst i kulturskolen

Det visuelle kunstfeltet i kulturskolen er vidt og dekkjer mange ulike uttrykksmåtar og spesialiserte fagfelt.

Møte med kunstnariske verkemiddel som materiale, reiskapar, teknikkar og ei inspirerende undervisning vil gi elevane mogelegheiter til å utvikle evnene sine. Fantasi og den kreative flyten blir stimulert. Saman med skjerpa blikk og utprøvande hand medverkar dette til å forme identiteten hos den enkelte.

Barn og unge må bli utfordra både emosjonelt og analytisk gjennom undervisning i og opplevingar med visuell kunst. Da vil opplæring i teknikkar og materialbruk gi meining og bidra til at elevane får verktøy til å skape og gi innhald til det dei arbeider med. Det personlege formspråket deira vil spegle nyansar, haldningar og motførestellingar. I det visuelle uttrykket kan dei tenkje noko som var utenkt, sjå noko som var usett og seie noko som var usagt.

Slik kan læraren styrke både læringsprosessar og tilknytning til omgivnader, medmenneske og natur.

Gjennom individuelle og kollektive prosessar skal elevane også tileigne seg estetiske erfaringar i møte med samtidskunst og kunst frå tidlegare tider. Å oppleve og undre seg i reflekterande samtalar vil utvide perspektivet og kulturforståinga.

Det visuelle mennesket

Alle menneske er fødde med grunnleggjande evne og vilje til å uttrykkje seg visuelt. Verkelegheita set få grenser for fantasien og førestellingsevna hos barn. Det er eit viktig mål å halde ved like og utvikle denne ibuande skapargleda.

Visuell kunst tilhøyrrer det store kulturfellesskapet samtidig som det representerer eit individuelt og personleg uttrykk for det å vere menneske i ei gitt tid.

I ting, mønster og materialbruk kan vi lese korleis kulturar har utvikla seg. Verdsarven og kulturarven viser dette, dei er globale berarar av dynamikken mellom skaping og gjenskaping.

Gjennom å dele og samarbeide vil barn og unge få tilgang til det viktige dannelsingsprosjektet som opplæring i visuell kunst kan vere. Med mål om å skape, femne og inkludere vil dette også opne rommet for ytringsfridom.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørge for at elevane får erfaringar med eit breitt og fordjupande fag som speglar visuell kunst som kunstnarisk uttrykksform, kommunikasjon, kulturarv, sjølvuttrykk og handverk/ferdigheit.


3.6.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med visuell kunst skal elevane:

- utvikle uttrykksevne, formsans og kunstfaglege ferdigheiter
- utvikle den ibuande skapargleda og oppleve meistring
- utvide perspektivet sitt og kulturforståinga si gjennom utforsking av fortid, nåtid og framtid
- utvikle evne til kommunikasjon, analyse og refleksjon i eit lærings- og arbeidsfellesskap
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for høgare utdanning i visuell kunst
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande lokalmiljø



3.6.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – visuell kunst som uttrykksmiddel

Faghjulet viser visuell kunst som uttrykksform. Den yttarste sirkelen viser fire overordna handlingar i faget: *skape, formidle, reflektere* og *sanse*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» som rommar aktivitetar som læraren tar i bruk for å gjere visuell kunst tilgjengeleg for elevane. Dei er i praksis innvovne i kvarandre. Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram mindre opplagde kombinasjonar av handlingar og aktivitetar.

Den nest innarste sirkelen viser verdiar og allmenndannande eigenskapar som ein kan utvikle gjennom opplæring i visuelle kunstfag.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskonteksten er derfor plassert utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnader, relasjonane i gruppa, visningsarenaen. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar. Ulike situasjonskontekstar vil inspirere til ulike formidlingsformer og ulike innhaldsval.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes vil eit bestemt visuelt formspråk naturleg måtte sjåast i samanheng med relevante historiske og samfunnsmessige faktorar. Når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også den kulturen dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved opplæringa i visuell kunst. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisning.

3.6.4. Læringsmål

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål og forventningar til læraren omtala. Læringsmåla er generelle på tvers av dei spesifikke fagområda/teknikkane innanfor det visuelle kunstområdet. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i kvart enkelt visuelle fag og tydeleggjer eigenart, delmål og fagleg progresjon relatert til alder og nivå. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av samhandling, oppleving og kreativitet
- legg vekt på prosess og meistring
- gir rom for elevane sine refleksjonar omkring arbeida sine
- legg til rette kunstfagleg aktivitet, er kulturformidlar og inspirator
- leier elevane fram mot opplesing og presentasjon
- trenar elevane si evne til å vise merksemd, iaktta og vere til stades
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål

Eleven

- har grunnleggjande materialkunnskap og meistrar utvalde teknikkar
- opplever skaparglede og fagleg utvikling
- lærer gjennom lek, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- har utvikla nysgjerrigheit og eit merksamt blikk
- har kjennskap til kunst og kunsthandverk, inkludert arbeid med lokalt tilsnitt
- har tatt del i kreative prosessar saman med andre elevar
- har deltatt med arbeida sine på ein relevant visningsarena
- er del av eit levande lokalmiljø og medverkar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Det er i dette programmet hovudverksemda i visuell kunst bør liggje. Elevane vil kome djupt ned i handlingsområda *skape, formidle, reflektere* og *sanse*.

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, kreativitet, sjølvstende og kritisk tenking.

Instruksjon og rettleiing går føre seg i grupper og individuelt. Avhengig av storleiken på skolen og talet på elevar på visuell kunst kan det utviklast ulike mål, timeplanar og gruppesamansettingar som imøtekjem elevane sine behov for breidde eller fordjuping.

Forventningar til læraren

- legg til rette for god fagleg progresjon og kontinuitet
- stimulerer det personlege uttrykket til eleven og formidling
- lærer elevane å iakta og bearbeide sanseintrykk
- stimulerer oppleving og skaparglede
- legg til rette for reflekterte samtalar og utvikling av sjølvinnsikt
- vurderer både prosess og produkt saman med elevane
- legg til rette for erfaring med visningar og presentasjonar på ulike arenaer
- er fagleg rollemodell, arbeidsleiar, kulturformidlar og inspirator
- legg til rette for godt arbeidsfellesskap og skaper eit godt sosialt miljø

Læringsmål

Eleven

- meistarar fagspesifikke basisferdigheiter i ulike teknikkar, former, materiale og uttrykk
- har tileigna seg eit breitt spekter av materialkunnskap
- har deltatt i skapande prosessar frå idé til produkt
- har utvikla kritisk sans, grundigheit og tolmod
- har tileigna seg ein nødvendig omgreps- og analysereiskap for å analyse, tolke og samtale om visuelle uttrykk
- reflekterer over eiga læring, utvikling og intensjon
- deler erfaringar med medelevar
- gjer avtala førebuing til undervisningsøkter
- har sett kunstutstillingar og kan samtale om desse
- har arbeidd med kunsthistorie, lokalhistorie og/eller tatt lokalt utgangspunkt i praktisk arbeid
- har deltatt på arenaer for kunstnarisk samarbeid på tvers av fag der fleire av kunstuttrykka ved kulturskolen er integrerte

Fordjupingsprogrammet

Hovudinnhaldet er fordjuping innanfor sjølvvalde uttrykk. Å oppnå ei medviten haldning til form og innhald/form og funksjon og å finne fram til eit personleg uttrykk, er viktige mål for fordjupingsprogrammet.

Rammer. Fordjupingsprogrammet i visuell kunst kan organiserast for enkeltelevar eller som eit gruppetilbod. Omfanget vil vere avhengig av behovet deltakarane har for instruksjon og rettleiing og kva mål den enkelte har for å delta. Er målet å søkje opptak til høgare kunstutdanning, må kulturskolen tilpasse tilbodet etter krava til studentopptak. Er målet individuell kunstnarisk vidareutvikling, kan deltakarane først samlast til felles introduksjon og gjennomgang og deretter arbeide på eiga hand med individuelle arbeid.

Mentorprogram og entreprenørskap kan vere ein del av programmet. Det bør leggjast opp til presentasjon/visning/utstilling i samarbeid med lokale aktørar, til dømes i samband med lokale kulturdagar.

Forventningar til læraren

- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt kunstnarisk/pedagogisk nivå
- tilpassar undervisninga til den enkelte eleven sine føresetnader
- legg til rette for fagspesifikk fordjuping
- ser potensial, inspirerer og gir impulsar
- stimulerer det kunstnariske medvitet hos eleven
- fremmer medvit om ambisjonar hos eleven
- vurderer både prosess og produkt saman med eleven
- legg vekt på eit godt samarbeid mellom heim – kulturskole – lærar – elev
- legg til rette for omfattande erfaring med visningar/utstillingar
- er fagleg rettleiar, samtalepartner, mentor og rollemodell

Læringsmål

Eleven

- skaper og utfører på høgt nivå
- lærer gjennom leik, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- er på veg mot eit personleg uttrykk og arbeider sjølvstendig
- har vidareutvikla praktiske og teoretiske ferdigheiter som kan kvalifisere til høgare utdanning
- har utvikla eit godt fagspråk
- tar aktivt del i refleksjon rundt prosessar og produkt
- tar i bruk modellar, kunstverk og kunstnarskap for fagleg inspirasjon
- har kunnskap om visuell kunst som eit historisk og kulturelt uttrykk

3.6.5. Innhald

Innhaldet i visuell kunst handlar om undervisningas *kva*, knytt opp mot dei ulike fagområda/teknikkane. Visuell kunst spenner over ei rekkje ulike tema, arbeidsområde, fagfelt og fag som dels står fram som eigne einingar, dels glir over i kvarandre og dels er felles, overgripande tema. Innhaldet i undervisninga kan hentast frå heile dette breie feltet og organiserast på mange ulike måtar.

Døme på grupper av innhaldskomponentar med forslag til praktisk bruk:

- **Strek og flate:** teikning, radering, broderi
- **Farge og tekstur:** måling, foto, video, glasurar, lys
- **Komposisjon, struktur og taktilitet:** collage, linosnitt, vev, tekstil, toving
- **Tid og rom:** performance, stadspesifikk kunst, lydkunst
- **Sjå/persepsjon:** kroki, perspektiv, bilderom, stilleben
- **Tredimensjonal form:** modellere, støype, byggje
- **Form og funksjon:** design/redesign, lage bruksting, utsmykking, scenografi, arkitektur, digital kunst
- **Form og innhald:** konseptkunst, teikning, måling, skulptur, performance
- **Abstraksjon og forenkling:** skulptur, animasjon, teikneserie
- **Finne formål og sjå samanhengar:** observere, analysere, assosiere
- **Teknikk-/verktøy-/materialbruk:** utvikle og øve handlag, blande farge, redigere video, papirarbeid, mosaikk, tre, glas, metall

Andre emne i visuell kunst som er sentrale for den skapande/utøvande aktiviteten:

- Teori om form og farge
- Komposisjonslære
- Materialkunnskap
- Kunnskap om verktøy
- Kunsthistoriske emne
- Økologi og berekraft i materiale
- Kunst i det offentlege rom
- Bruk og integrering av teknologi

I lokalsamfunn med realkompetanse innanfor kunst og kunsthandverk, eller med relevante museum, husflidslag, kunstnarar og kunsthandverkarar, vil det vere naturleg at eleven lærer gamle handverkstradisjonar, mellom andre duodji. Kulturskolen kan eventuelt lage tverrfaglege prosjekt der slike tradisjonar blir tatt vare på og vidareutvikla. Det er identitetsskapande og ofte motiverande for elevane å arbeide i ein lokal tradisjon.

3.6.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas *korleis*, kva læringsaktivitetar som blir tatt i bruk. Generelt bør arbeidsformene i visuell kunst vere like allsidige og leikande som faget sjølv er – men også disiplinerte og målretta.

I det utforskande og skapande arbeidet vil ein nytte både lærarstyrt undervisning, rettleiing, sjølvstendig arbeid, elevsamarbeid og prosjektarbeid.

Det blir venta at eleven arbeider utanom undervisningstida både i Kjerneprogram og Fordjupingsprogram. Prosjektperiodar, arbeidsseminar, helgekurs og sommarkurs kan vere supplerande tilbod.

Læraren bør ha eit breitt spekter av metodar og arbeidsformer for å leggje til rette for læring for ulike elevar og elevgrupper. Variasjon er ein nøkkel til læring.

I kommunar med berre éin lærar i visuell kunst kan det vere ein fordel om leiinga i kulturskolen legg til rette for regelmessig kontakt med lærarar i visuell kunst i nabokommunar. Dette vil kunne styrke undervisninga og motivasjonen til læraren.

For å realisere visuell kunst vil læringshandlingane i faghjulet: *skape, formidle, reflektere* og *sanse*, stå sentralt på tvers av emna og gi idear og føringar for å leggje til rette opplæringa.

Skape

Det skapande mennesket står i sentrum. Å skape er den mest grunnleggjande kompetansen eleven skal tileigne seg, og mykje tid må setjast av til dette. Skapande prosessar kan starte med inntrykk, tankar og idear, halde fram med konkrete forslag og skissearbeid, vidare med eksperimentering og utprøving mot eit individuelt eller eit felles uttrykk. Gjennom prosessane vil elevane gjere erfaringar med mange uttrykksmiddel og teknikkar og lære å bruke reiskapar, verktøy og utstyr på ein formålstenleg måte.

Å sette sine eigne mål for arbeidet er viktig og vil auke motivasjonen til elevane.

Modellæring er eit høveleg verkemiddel som føreset tett rettleiing. *Imitasjon* av kunstverk er ein anerkjent teknikk for å øve praktiske ferdigheiter og evna til å iaktta. Å *tolke*, eller *appropriere*, andre sine kunstverk, som får ny form og/eller nytt innhald, inneber både gjenskaping og nyskaping. *Redesign* er å gi ny meining, til dømes til «verdilaust» materiale som plastemballasje og rak, avlagde klede, loppefunn og instrument. Elevane finn nye estetiske uttrykk eller en ny funksjon.

Formidle

Å produsere utstillingar/visningar er både eit mål og ei arbeidsform i faget. Gjennom små og større utstillingar kan læraren leggje til rette for varierte elevarbeid som viser mangfaldet i faget. Ved å gi elevane ansvar for rigging, annonsering, invitasjonar, sal og marknadsføring vil dei få innsikt i ein heilskapleg prosess.

Elevarbeida bør knytast saman med presentasjonar der elevane fortel om eigne og gruppa sine arbeid.

Formidling er også å dele kunnskap gjennom rapportering eller beskrivingar. Elevane får kjennskap til teknikkar for visuelle/auditive presentasjonar og digitale verktøy.

Reflektere

Læringssituasjonen innbyr til ein prosess der eleven sine individuelle tolkingar, undring, assosiasjonar, intensjonar og fabulering rundt eigne og medelevane sine uttrykk spelar ei vesentleg rolle. Gjennom slike samtalar lærer elevane å verbalisere. Dette må kombinerast med analyse og tolking av profesjonelle kunstuttrykk for å forstå budskap, meiningsinnhald, perspektiv og symbolikk.

Å kunne vurdere kvalitet er viktig for den faglege utviklinga til eleven. Prosessvurdering, produktvurdering og tilbakemelding frå medelevar bør gå føre seg kontinuerleg. Det er også eit mål at elevane får innsikt i den verdien det visuelle kunstfaget har for menneske og samfunn.

Sanse

Taktile erfaringar. Å relatere syn til hand, å kunne ta på og kjenne overflater, temperatur, storleik og stofflegheit, er døme på taktile erfaringar.

Kroppslige erfaringar og persepsjon. Å vere i eit rom gir erfaringar med avstand, forhold mellom storleikar, nærleik og materialitet. Å bruke musikk i det visuelle arbeidet kan vere relevant.

Å finne fram til eit personleg uttrykk. Ved å vere merksam på kva eleven vil uttrykkje og i kva form, kan læraren medverke til at eleven oppnår meistring og flyt.

Sjølvinnsett. Eleven skal bli kjent med eigne kjensler/reaksjonar, gi og ta mot konstruktiv kritikk. Dette inneber mellom anna å lære, å yte motstand og å takle motgang i materiale, teknikk, idéutforming og gjennomføring.

Døme på aktuelle arbeidsmåtar:

Teknikkarbeid/verks tad

- Identifisere og dele teknikkar
- Animasjon, video
- Grafikk
- Teikning, måling
- Foto, video, digitale medium
- Keramikk
- Stadspesifikk kunst
- Tradisjonelt og lokalt kunsthåndverk
- Utstillingsarbeid, montering

Møte den visuelle verda

- Lage alternativ reklame/reklame-video, arbeide med symbolbruk og teikn, bildeanalyse

Møte den virtuelle verda – ny teknologi

- Bruk av ny teknologi, medvit om og kreativ bruk av visuell kommunikasjon i virtuell verkelegheit

Prosjektarbeid

- Tverrfagleg/fleirfagleg
- Kunst i naturen
- Animasjonsfilm
- Gatekunst

Produksjon

- Utstilling
- Tverrfagleg produksjon
- Performance – happening
- Scenografi, lys-/lyddesign

Møte med profesjonell kunst

- Styrke medvit om kunst, tolke, utvikle omgrepsapparat og fagspråk
- Besøke utstillingar/visningar
- Atelierbesøk

Vurdere eigne prosessar

- Bruk av loggskrivingsverktøy og analyse

Analyse

- Bildeanalyse
- Kunsthistorie
- Ting (funksjon – form)
- Staden (landskapet, plassen, naturen, omgivnadene)

Organisering

Gruppestorleik og lærartettleik vil avhenge av alder og utviklingsnivå på elevane, type aktivitet og utfordringar knytte til utstyr/materiale. Rettleiande normer kan vere:

- Kjerneprogrammet: Grupper opp til sju–åtte elevar, der elevane har permanente arbeidsplassar.
- Breiddeprogrammet: Grupper opp til tolv elevar. Eit godt alternativ i Breiddeprogrammet og Kjerneprogrammet kan vere tolærarsystem.
- Fordjupingsprogrammet: Det kan vere formålstenleg å variere mellom individuell rettleiing og meisterklasse. Meisterklasse kan eventuelt organiserast som eit samarbeid mellom kommunar.

Tid

Ein tilrår undervisning kvar veke av omsyn til kontinuitet. Ei undervisningsøkt bør vere minimum 1 ½ – 2 timar. I tidkrevjande teknikkar vil det vere formålstenleg å ha lengre økter. Eigenarten til emnet må avgjere dette.

I visse tilfelle kan intensive helgekurs vere den forma som høver best, medan det andre gonger kan vere avsluttande kurs som varer fleire veker. Dette må vurderast ved den enkelte kulturskolen.

Gruppering/nivå

Heilårselevar med permanente arbeidsplassar kan delast inn i aldershomogene grupper. 5–6-åringar har andre behov enn 9–10-åringar. Aldersinndeling gjer det lettare for læraren å tilpasse opplæringa, dessutan å planleggje eit undervisningsforløp over fleire år.

I visse tilfelle kan det vere aktuelt å dele inn elevane etter kunnskapsnivå eller emne. Til dømes vil eit introduksjonskurs i animasjon for nybegynnarar i alle aldrar kunne føre til ein aldersblanda animasjonsklasse i Kjerneprogrammet.

I mindre kulturskolar vil større aldersblanding vere det normale, og fordelane med dette bør utnyttast. Dei yngste blir inspirerte av dei eldre, dei eldre har fagleg utbytte av å instruere dei yngre. Nokre tilbod, til dømes ein kroki-klasse, kan tilpassast fleire aldrar, også vaksne.

Samarbeid med andre fag/aktørar

Opplæringa i visuell kunst bør kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Dette vil kunne stimulere kjensla eleven har av å høyre heime i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde. Eit samarbeid med til dømes skapande skrivning rundt temaet graffiti, med teater om scenografi, eller med musikk om animasjonsprosjekt, vil vere god tverrfaglegheit.

Visuelle kunstoffag blir gjort godt synlege gjennom utstillingar i det offentlege rom: i rådhus, i helsehus, på konferansar, i bibliotek, i kyrkjer, på festivalar og på utdanningsinstitusjonar. Dette løftar faget inn på samfunnsarenaen, gir elevane anerkjenning og stimulerer til vidare innsats og vekst. Elevar i visuelle kunstoffag ved kulturskolen er naturlege aktørar på lokale kulturmønstringar.

Å studere ulike sider ved opplæring i visuell kunst i samarbeid med forskingsmiljø vil være nytenkjande og viktig.

3.6.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Formålet med vurdering er den personlege og kunstnariske veksten til eleven. Eleven skal vurderast på bakgrunn av kor moden han eller ho er i faget. I visuell kunst er prosessen vel så viktig som resultatet. Vilje og evne til utprøving, til å gå djupt inn i stoffet vere open for ny kunnskap, er viktig.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som blir venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling (udir.no, 2014)

Elevane i visuell kunst blir vurderte på grunnlag av eigne uttrykk og evne til å formidle ideane sine basert på teknikkar dei har lært. Elevane skal kunne reflektere over eigne val, navigere mellom ulike val og forstå kva resultat vala gir. Personlege val og standpunkt må visast i kunstuttrykket. Eigenart og det genuine er kvalitetskriterium.

Sentralt i vurdering står samtalen rundt eleven sitt arbeid undervegs i prosessane.

Følgjande sider ved vurdering bør integrerast i opplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kor stort omfang.

Læringsmåla fungerer som vurderingskriterium og er naturlege utgangspunkt for vurdering i faget.

Læringsstøttande tilbakemeldingar med presise og konstruktive tilbakemeldingar og råd til elevane undervegs i prosessane. Dette er formativ vurdering og kjernen i læraren si rettleiing.

Dialog med elevane om kva som er kunstnarisk kvalitet og vedvarande arbeid for å bli medvitne om vurderingskriterium.

Elevrespons, der elevane gir kvarandre tilbakemeldingar. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for denne arbeidsforma.

Prosessvurdering og produktvurdering, individuelt eller i gruppe.

Utviklingssamtalar mellom elev, lærar og eventuelt foreldre/føresette har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Tema som kan takast opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

Eleven vurderer seg sjølv. Dette bør praktiserast frå første stund. Eleven blir sett i stand til å vurdere kvaliteten på eige arbeid, ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber både å vite kva ein kan og medvit om det som står igjen.

Loggbok kan vere eit verktøy for å auke medvitet til eleven rundt eige uttrykk/arbeid og eiga utvikling.

3.6.8. Lokale og utstyr

Undervisnings- og arbeidsrom

Visuell kunst bør ha lokalitetar som er reservert for faget slik at det er lett å ta opp igjen arbeid som strekkjer seg over tid.

Opplæringa skal synast, ha informasjonsskjermar og visningsrom og slik bidra til eit ope og stimulerande arbeidsmiljø prega av estetikken i visuell kunst. Også i dei tilfella der undervisninga av ulike omsyn blir lagt i grunnskolen, må undervisningsromma vere innreidde med tanke på eigenarten til og utstyrsbehova i opplæringa.

Det blir stilt same krav til høvelege lokale, utstyr og materiale for alle programma. Høvelege lokale kan vere faste undervisningsrom ved kulturskolen eller kunst- og handverksrom ved grunnskolen.

Visningsarenaer

Visningsarenaer for visuell kunst er svært viktig og alle elevar, utan omsyn til nivå eller alder, bør kvart skoleår få stille ut eller presentere nokre av arbeida sine for eit publikum.

Det må leggjast vekt på å finne gode utstillingsarenaer både på skolen, i ulike offentlege rom, på bibliotek, konferansar, i næringsbygg, helsehus, eller av og til i eit bestemt utelandskap. Samlokalisering med andre kunstfag gjer det naturleg å samarbeide om dette.

Kontor/bibliotek

Alle lærarar bør ha eigen kontor-/arbeidsplass. Tilgang til bibliotek er viktig, dessutan ein felles pauseplass for lærarane der dei kan oppleve å vere del av eit arbeidsmiljø.

Utstyr og materiell

Dei kunstnariske resultatata vil vere avhengige av materiell, reiskapar og utstyr av god kvalitet. Dette gjeld alle opplæringsprogram.

Innkjøp av utstyr og materiell er ei fagleg oppgåve og ein sentral del av undervisningsplanlegginga. Kompetansen til læraren er avgjerande når det gjeld å velje ut og kjøpe inn utstyr og materiell, og dette bør planleggjast på lang sikt.

For å oppfylle læringsmåla er følgjande rom- og utstyrsrammer ein rettleiande mal for undervisning i dei tre opplæringsprogramma:

- Lokale med god takhøgde, god ventilasjon, godt lys og vask.
- I tilfelle av sambruk med grunnskole er det kunst- og handverksrommet som bør brukast. Der vil lærarane og elevane ved kulturskolen ha behov for eigen lagringsplass til materiale og oppbevaring av arbeid.
- Gode mogelegheiter til tørke og lagring av elevarbeid.
- Høveleg lagerrom for materiale i tilknytning til undervisningsrommet.
- Eit grunnleggjande utstyrssortiment: keramikkovn, trykkpresse, høvelbenk osv. skal vere tilgjengeleg dersom aktiviteten er avhengig av det.
- Lett tilgang til nettbrett, datamaskinar og programvare, trådløst nett og skrivar.
- Store arbeidsbord og stolar som kan tilpassast elevar med ulik høgde.
- Låsbare skap.

Utstyrssortimentet bør tilpassast fagtilbodet ved den lokale kulturskolen.



Referanseliste

Bergem, T. (1996) *Yrkesetikk i lærerutdanningen. Hvorfor – hva og hvordan?* I P. Arneberg og R. Midtbø (red.): *Mellom makt og avmakt. Etikk for pedagoger*. Oslo: Bedre Skole/Norsk Lærerlag.

Hanken, I.M. (2004) *Musikkundervisningens etikk*. I G. Johansen, S. Kalsnes og Ø. Varkøy (red.): *Musikkpedagogiske utfordringer. Artikler om musikkpedagogisk teori og praksis*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Hattie, J. (2013) *Synlig læring*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Utdanningsdirektoratet (2014) *Grunnlagsdokument. Videreføring av satsingen Vurdering for læring 2014-2017*. <http://www.udir.no/Upload/Vurdering/Grunnlagsdokument-2014-2017.pdf>.





Kapittel 4 - Mål for kvalitetssikringssystem

Arbeid med kvalitetsutvikling i kulturskolen har som mål å vidareutvikle skoleslaget på alle målområda i rammeplanen. Vedvarande og planmessig eigenvurdering og refleksjon over eigen praksis er føresetnader i dette arbeidet.

Høveleg reiskap for å arbeide med kvalitet gjer det lettare å arbeide systematisk med kvalitetsutvikling. Det finst ulike analyse- og prosessverktøy for slikt arbeid, som kan bidra til å vidareutvikle kapasiteten ved verksemda ved å bruke vurderingsinformasjon på måtar som skaper kollektiv innsikt og felles engasjement.

«**PULS**» er eit forskings- og evidensbasert verktøy som tidlegare er utvikla for grunnskole og barnehage. Norsk kulturskoleråd har saman med Conexus utvikla «PULS for kulturskole». Rapportane i dette verktøyet vil kunne vere grunnlag for kvalitets- eller tilstandsrapportering til kulturskoleeigaren. www.conexus.no.

KS har utvikla kvalitetsverktøy som kommunen kan bruke, anten som ein del av informasjonsgrunnlaget til «PULS» eller som grunnlag for eit eigenutvikla kvalitetssystem. www.ks.no.

Utdanningsdirektoratet har gode og informative nettsider som også kulturskoleeigarar og -leiarar kan bruke som kunnskapsgrunnlag. www.udir.no.

Norsk kulturskoleråd har utvikla rettleiingsmateriell knytt til arbeidet med kvalitet og kvalitetsutvikling. Dette finst på nettstaden til kulturskolerådet. www.kulturskoleradet.no.

Kulturskolane er eit lovfesta skoletilbod. Dette gjer det naturleg at kommunane – som kulturskoleeigarar – har eit system for kvalitetsvurdering også for kulturskolen, og innlemmar kulturskolen i den årlege rapporten om tilstanden, slik det er formulert i Opplæringslova § 13-10.

Etterord

Norsk kulturskoleråd har på oppdrag frå medlemmene sine, dei norske kommunane, utarbeidd ein ny rammeplan for kulturskolen – «Mangfald og fordjuping». Gjennom dette dokumentet vil kulturskolane i landet få eit innovativt og kvalitativt løft.

Norsk kulturskoleråd som utviklings- og interesseorganisasjon for kulturskolen vil støtte både kulturskoleeigarar og kulturskolar i rammeplanarbeidet gjennom eit omfattande rettleiingsarbeid. Gjennom rammeplanen er det tatt vare på den særeigne kulturskolen i Noreg, samtidig som planen skal etablere ei nasjonal fellestenking som vil bidra til eit ytterlegare kvalitetsløft for kulturskolen.

Denne rammeplanen er kulturskolens kunnskapsløft!



Utgivar

- Norsk kulturskoleråd

Rammeplanutvalet - kapittel 1 og 2

- Eirik Birkeland, leder
- Morten Christiansen
- Kristin Geiring
- Eivind Nævik
- Inger-Anne Westby
- Wenche Waagen
- Robert Øfsti
- Knut Øverland, sekretær

Forfattar av innleiinga til kapittel 3 og hovudansvarleg for struktur, harmonisering og språkleg utforming av fagplanane

- Wenche Waagen, førstelektor ved Institutt for musikk, NTNU

Leiar for arbeidet med kapittel 3

- Åste Selnæs Domaas

Fagplangruppene - kapittel 3

Dans

- Ina Dahl, fag- og teamansvarleg og danselærer, Namsos kulturskole
- Heidi Haraldsen, høgskolelektor og prosjektleiar, Balletthøgskolen - Kunsthøgskolen i Oslo
- Sigurd Johan Heide, dansar / dansepedagog / koreograf
- Sally Parkinson, fagsjef for dans, Tromsø kulturskole
- Irmelin Robertsen, fagleiar for dans, Kulturskolen i Fredrikstad

Musikk

- Reidun Gran, musikkpedagog, Trondheim kommunale kulturskole / praksiskoordinator og metodikklærer, NTNU / fagbokforfattar
- Jo Asgeir Lie, rektor, Ole Bull Akademiet
- Hilde Norbakken, universitetslektor, Universitetet i Agder / musikal
- Grete Helle Rasmussen, førsteamanuensis og seksjonsleiar for instrumentpedagogstudiet, Barratt Due musikk institutt / musikal
- Tor Yttredal, professor og fagleg leiar for faggruppa for jazz og improvisasjonsmusikk ved Universitetet i Stavanger / musikal

Skapande skrivning

- Widar Aspeli, forfattar / kurshaldar
- Siw Cathrine Christiansen, forfattar / kurshaldar / pedagog, Oppegård kulturskole
- Solveig Hirsch, formidlingsleiar, Hamsunsenteret
- Dag Larsen, utdanningsleiar, Norsk barnebok institutt
- Siri Thue, forfattar

Teater

- Vigdis Aune, førsteamanuensis i drama og teater, Institutt for kunst og medievitenskap, NTNU
- Kjersti Haugen, regissør, Trøndelag Teater
- Kristin Nordstrøm, teaterpedagog, Trondheim kommunale kulturskole
- Kirsten Jæger Steffensen, fungerande rektor, Karmøy kulturskole
- Sissel Ruste, teaterlærer, Bergen kulturskole

Visuell kunst

- Aase-Hilde Brekke, fotograf / filmskapar / performanceartist / kurshaldar / pedagog
- Stine Wexelsen Goksøyr, pedagog i visuelle kunsthøgskolen, Nittedal kulturskole / bildekunstnar
- Margrete Gunnes, kunstpedagog, Kulturskolen i Brønnøy
- Ragnhild Slettner, fagkonsulent, leiar og pedagog innan visuelle kunsthøgskolen, Oslo musikk- og kulturskole
- Robert Øfsti, kommunearkivar, Steinkjer kommune / bildekunstnar

Koordinatorar for faggruppene

- Siri Singsaas, dans
- Ingrid Almås, musikk
- Elin Kvernmoen, skapande skrivning
- Hilde Roald Bern, teater
- Fabiola Charry, visuell kunst

Forfattar av kapittel 4

- Morten Christiansen

Redigerarar

- Åste Selnæs Domaas
- Egil Hofslie

Korrekturlesar

- Torlaug Løkensgard Hoel

Omsetjar frå bokmål til nynorsk

- Torlaug Løkensgard Hoel

Fotografar

- Egil Hofslie
- Thor Nielsen
- Paolo Cipriani

Design

- Guri Jermstad
- Fabiola Charry (omslaget)

Trykk

- Grøset™

Takk til rektor, lærarar og elevar ved Malvik kommunale kulturskole for stor velvilje i samband med fotografering der.

